



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Fellesnemnd for nye Volda kommune
Møtestad: Kommunehuset Smia, Grodås
Dato: 14.09.2017
Tid: 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 9/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 10/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 11/17	Strategiske satsingar for Nye Volda
PS 12/17	Styrking av prosjektorganisasjonen
PS 13/17	Organisering av næringsapparat i Nye Volda
PS 14/17	Budsjettendring - Eingongstilskot og tilskot infrastruktur
PS 15/17	Kommunikasjonsplan for Nye Volda 2017-2020
PS 16/17	Ekstern kulturbygging nye Volda kommune.
PS 17/17	Orienteringssaker
OS 6/17	Eventuell grensejustering Bjørke
OS 7/17	Bussamband mellom Volda og Grodås
OS 8/17	Møte med fylkesmennene i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane
OS 9/17	Vedk. økonomisk støtte til Kirkelig fellesråd
OS 10/17	Utbetaling av tilskot til eingongskostnadar ved kommunesamanslåing
OS 11/17	Evalueringsrapport Nye Sandefjord kommune

PS 9/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 10/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2017/1490

Arkivkode: 144

Utvalsaksnr **Utval**
11/17 Fellesnemnd for nye Volda kommune

Møtedato
14.09.2017

STRATEGISKE SATSINGAR FOR NYE VOLDA

Administrasjonen si tilråding:

1. Fellesnemnda syner til saksutgreiinga og vurderer følgjande strategiske satsingsområde som sentrale i kommunesamanslåingsprosjektet:
 - Sysselsetting
 - Digitalisering
 - Kompetanseutvikling
2. Fellesnemnda vil invitere til involvering og synspunkt på satsingar i kommunsamanslåingsprosjektet og ber administrasjonen leggje til rette for dette gjennom nettside, sosiale medium mv.
3. Fellesnemnda kjem attende til nærare handsaming av strategiske satsingsområde etter at det er innhenta innspel utanfrå og internt i kommunane Volda og Hornindal.

Vedleggsliste:

SAMANDRAG:

I prosessen med intensjonsavtalen vart det drøfta korleis ein kan skape noko i lag og få til auka verdiskaping med ny kommune. Utfordringane som kommunane møter i åra framover gjer det også nødvendig å gjere strategiske grep for å yte gode tenester og ha positiv samfunnsutvikling.

Rådmannen rår til at samanslåingsprosjektet peikar ut konkrete strategiske satsingsområde. Dette inneber at prioritering av ressursar i prosjektet til ein viss grad bør gjenspegle satsingane, og at det som kan gjennomførast relativt enkelt kan gjerast utan å mobilisere meir ressursar enn strengt nødvendig.

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA:

Kommunesamanslåing er ei unik sjanse til å gjere noko nytt og lyfte fram satsingar. Formålet med kommunesamanslåing bør også vere å nytte denne moglegheita.

I kommuneproposisjonen 2015 (Prop. 95 S (2013–2014)) vart forslag til mål og rammer for kommunereforma presentert. Stortinget slutta seg til følgjande mål for reforma:

- *Gode og likeverdige tenester til innbyggerne*
- *Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling*
- *Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner*
- *Styrket lokaldemokrati*

Desse nasjonale måla framgår også av intensjonsavtalen for samanslåing av kommunane Hornindal og Volda. Intensjonsavtalen omhandlar vidare følgjande hovudmål:

- *Saman med nabokommunar ta ein posisjon i for vekstkraft og utvikling i ein større region.*
- *Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggerane.*
- *Attraktiv lokalsieringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.*
- *Sterkare gjennomslagskraft utad.*
- *Folkehelse skal ha eit overordna og førande fokus og kommunen vil støtte opp under dei fritidsaktivitetane og anlegga som ligg i kommunane i dag.*
- *Vere ein utviklingsaktør.*

Samt følgjande delmål:

- *Skipe ein vekstkrafti og attraktiv ny kommune.*
- *Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.*
- *Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering.*
- *Bygge på dagens kommunar sine identitetar og styrker innan reiseliv, anna næringsverksemd, utdanning, helse, språk og kulturarv, for å gje dette større kraft i regional samanheng.*
- *Løyse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting og samfunnsutvikling i partnerskap med t.d. sjukehus, vidaregåande skular, Høgskulen i Volda, frivillighetssentralen, frivillige organisasjonar og næringslivet.*

I prosessen med etablering av nye Volda vil det vere viktig at fellesnemnda konkretiserer og avklarar nærare kva ein særleg ynskjer å få til gjennom samanslåinga. Kva ser ein for seg bør

vere særlege satsingsområde, og som ein kan starte tilrettelegging for i prosjektet for å gjennomføre i den nye kommunen.

VURDERING OG KONKLUSJON

Perspektivmeldinga 2017


Perspektivmeldinga - Melding St. 29 (2016 – 17) gir ei god skildring av landet sin situasjon, utfordringar og strategiar i høve til velferd, sysselsetting og nasjonal økonomi. Det er varsla ein kombinasjon av reduserte inntekter frå oljefondet og auka kostnader knytt til pensjon og demografi. Produktivitetsveksten må opp att dersom velstandsveksten skal auke. Dei neste 10 – 15 åra vil handlingsrommet i finanspolitikken vere langt mindre enn vi har vorte vante til. Inntektene må opp eller utgiftene ned. Eldre befolkning betyr også at vi vert færre til å bere byrdene dersom ikkje avgangsalderen frå arbeidslivet aukar. Dersom mange vert ståande utanfor arbeidslivet på grunn av manglande eller feil kompetanse, vil byrda verte større. Auka innvandring dei siste åra gjer det stadig viktigare at også innvandraranne vert godt integrerte i arbeidsmarknaden.

Perspektivmeldinga peikar på at høg sysselsetting er ein hjørnestein i det norske samfunnet. Vidare peikar meldinga på viktigheita av å få meir att for innsatsen i både private og offentlege verksemdar. Verdiane må skapast før dei kan delast. Meldinga seier at svaret på omstillingsutfordringa er nye arbeidsplassar i privat, konkurranseutsett sektor, ikkje bevaring av gamle strukturar. Det vert vidare sagt at tydelegare prioriteringar av mål og ein aktiv, systematisk og kontinuerleg innsats for å auke effektiviteten i offentlig sektor er nødvendig. Det vert i den samanhengen peika på meir og betre bruk av teknologi og digitalisering.

Formålet med perspektivmeldinga er å medverke til fornuftige val dei næraste åra. Det fordrar at ein tek omsyn til dei vala ein tek eller unnlet å ta. Korleis framtidige generasjonar utformar samfunnet, vil avhenge av velstandsutviklinga, teknologiske moglegheiter og politiske val. Effektiv ressursbruk krev også at det er dei rette tenestene som vert tilbode. ABE-reforma (avbyråkratiserings- og effektivitetsreforma) i statleg sektor inneber at alle etatar kvart år i utgangspunktet får kutta driftsbudsjetta med ein ½ %.

Perspektivmeldinga uttrykkjer at dei gode løysingane krev innsats på fleire område. Fleire bør stå lenger i jobb og fleire bør jobbe. Dette styrker også offentlege finansar og gir den enkelte moglegheit til å auke si inntekt og velstand. Betre løysingar i offentlig sektor må også til. Dette krev god organisering, effektiv tenesteproduksjon og tydelegare prioriteringar. Dersom ein ikkje kjem i mål på desse områda, eller dersom det er ynske om ytterlegare utbygging av tenestetilbodet, kan auka privat medfinansiering eller auka skatter også verte nødvendig.

Diagrammet nedanfor viser korleis regjeringa ser for seg finansiering av styrka tenestetilbod i velferdsordningane i perioden 2017 – 2030 og i perioden 2030 – 2060.



Figur 1.10 Finansiering av velferdsordningene. Behov for økt finansiering (blå søyler) og inndekning (grønne søyler) regnet per tiår.¹ Prosent av BNP for Fastlands-Norge

¹ Alternativene er nærmere beskrevet i avsnitt 11.3 og boks 11.5.

Kilde: Finansdepartementet.

Figuren viser at regjeringa sin strategi er å løyse dette ved ein kombinasjon av auka sysselsetting og meir effektiv ressursbruk i offentlig sektor.

Strategiske val for Nye Volda

Nye Volda vert ein mindre kommune i nasjonal samanheng. Små miljø kan også vere gode og langt framme i høve til større miljø. Suksesskriterier er å bruke ressursane rett, sikre seg god kompetanse, tilgang på gode verkty og ha godt samarbeidsklima. Ein kan ikkje vere god på alt, og det vil derfor vere sentralt å lyfte fram kvar ein vil satse. Perspektivmeldinga peikar på utfordringar for den nye kommunen og kommunesektoren i åra framover, og som ein bør ta omsyn til når ein skal gjere strategiske val for Nye Volda. Dette bør vidare sjåast i samanheng med måla i intensjonsavtalen. Ein bør spisse dei strategiske satsingane for å styre innsatsen mot tiltak som gjer at ein kan lykkast. Dette inneber at ein må prioritere ressursar og arbeidsinnsats i samanslåingsprosjektet. Dei delar av tenestoområda som er relativt lett å slå saman, bør vi gjennomføre utan å overdimensjonere prosessen.

Sjølv om vi skal verte ein kommune er det viktig å skilje mellom det Hornindal og Volda prioriterer i dag (som skal overtakast av ny kommune) og det som prosjektet kommunesamanslåinga skal prioritere for å gi den Nye Volda eit løft. Med det meiner eg at Volda kommune held fram og arbeider med t.d kulturhusprosjektet, idrettshallprosjektet mv, og Hornindal med sine prosjekt som td utbygging av skulen mv.

Med bakgrunn i sentrale utfordringar dei komande åra, samt nasjonale og kommunane sine mål for samanslåinga, meiner rådmannen at følgjande satsingsområde står svært sentralt:

Sysseletting

- Virkemiddel for å stimulere til auka sysselsetting (infrastruktur mv)

- Organisering av næringsapparat

IKT og digitalisering

- Prioritering av programvare/system for å forenkle og utvikle tenester og effektivisere drifta. Den nye kommunen må basere seg på interkommunalt samarbeid om drift av infrastruktur og system, samt også i det strategiske utviklingsarbeidet. Samtidig bør Nye Volda kartlegge potensiale og prioritere ev tiltak der ein utnyttar sjansen til å skape noko nytt med kommunesamanslåing. Det er viktig å presisere at ein må leggje ambisjonane på ein nivå som ein faktisk er i stand til å oppfylle og ikkje skape for store forventingar. Det vil vere naturleg å ta utgangspunkt i suksessar som er gjort frå kommunar som ligg lenger framme på digitalisering.
- Fiber mellom Grodås og Volda

Kompetanseutvikling

- Dersom ein skal innfri både nasjonale forventingar, krav og lokale mål om gode tenester, effektiv ressursbruk ved auka digitalisering mv må ein gjere organisasjonen i stand til faktisk å levere. Kompetanse og mestring hos den enkelte tilsette er heilt avgjerande og den absolutt viktigaste suksessfaktoren for å lykkast. Dei kommunane som forstår dette og tilrettelegg for auka kompetanse hos både dei tilsette og leinga vil vere lenger framme enn kommunar som ikkje satsar i den retninga. Prosjektet ny kommune bør setje av midlar til ei grunnpakke på kompetanseutvikling retta mot digitalisering, endringsprosessar og differensierte behov innafor ulike tenester. Vidare bør ein ha eit særskilt opplegg for leiarane knytta opp mot leiarferdigheiter og effektuttak ved visjonær, tydeleg og støttande leiing som gir folk mestring.

Det vert også lagt fram eiga sak om organisering av næringsapparat for næringslivet.

Det er viktig å forankre slike strategiar i prosjektorganisasjonen, men også i lokalsamfunna i Hornindal og Volda. Rådmannen vil rå til at fellesnemnda drøftar saka og vurderer tiltak for å involvere til deltaking før ein gjer endeleg vedtak om prioritering og retning. Dette kan t.d gjerast ved god informasjon og invitasjon på nettsida til Nye Volda og sosiale media.

Når ein har konkludert med satsingar, så er det viktig å vie desse tung merksemd med ressursar for oppfølging for å lykkast.

Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunestyret i Hornindal

Kommunestyret i Volda

Leiargruppa til rådmannen i Hornindal

Leiargruppa til rådmannen i Volda

Kommunikasjonsrådgjevaren

Administrativ styringsgruppe i samanslåingsprosjektet

Intensjonsavtale

Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar

Innleiing

Hornindal og Volda kommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som gjer vedtak om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

1. Verdier og mål

Arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av openheit, tillit, rausheit og likeverd. Ein vil tenkje felles muligheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidsvisjon om levande bygder og eit sterkt felles regionsenter.

Volda og Hornindal kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og ufordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet.

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

- Saman med nabokommunar ta ein posisjon for vekstkraft og utvikling i ein større region
- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Sterkare gjennomslagskraft utad
- Folkehelse skal ha eit overordna og førande fokus og kommunen vil støtte opp under dei fritidsaktivitetane og anlegga som ligg i kommunane i dag.
- Vere ein utviklingsaktør

Delmåla er å:

- Skipe ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø
- Bygge på dagens kommunar sine identitetar og styrker innan reiseliv, anna næringsverksemd, utdanning, helse, språk og kulturarv, for å gje dette større kraft i regional samanheng

- Løse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting og samfunnsutvikling i partnerskap med t.d. sjukehus, vidaregåande skular, Høgskulen i Volda, NAV-direktoratet, frivillighetssentralen, frivillige organisasjonar og næringslivet.

2. Samfunnsutvikling

Det skal vere ei overordna målsetjing å realisere lokalsamfunna sine behov og interesser, samstundes sjå desse i regional samanheng og vere konkurransedyktig i landsdel og landet.

Arbeide målretta for dei vidaregåande skulane i Stryn og Volda slik at dagens struktur vert vidareført og at det blir lagt til rette for vidareutvikling knytt til lokale og regionale nærings- og samfunnsbehov.

Arbeide for at Volda sjukehus vert vidareutvikla som eit velfungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen. Utvikle samarbeidet med høgskulen og næringslivet og støtte høgskulen i arbeidet med å styrke utdanning og forskning knytt til nasjonale og regionale behov; spesielt nynorsk, nytt bygg for medie- og kultur og kulturnæringspark og stimulere til innovasjon og kommersialisering.

Sentrale samfunnsutviklingstiltak:

- Ny idrettshall i Volda (jfr gjeldande økonomiplan i Volda kommune)
- Samarbeid med Høgskulen i Volda om fleirbrukslokale til undervisning, kultur og kino

Den nye kommunen vil utvikle potensialet for reiselivsutvikling der skisenteret i Hornindal inngår i denne strategien.

Det skal vere ei overordna prioritering å byggje ut gode kommunikasjonstilbod innanfor den nye kommunen. Det skal arbeidast for løysingar som gjer den nye kommunen til ein reell felles bu og arbeidsregion.

Breibandstilbod og mobildekning må sikrast for folk og arbeidsliv i alle deler av kommunen. Kommunen skal vere ein pådrivar for utbygging av følgjande prosjekt:

- Realisering av E39 i samsvar med føreliggande planar
- RV 15, Strynefjellsvegen med "arm" til Geiranger
- FV 60 Grodås – Møre grense (Røyhus bru)

I framtidig arealplanlegging skal det leggjast til rette for vekst og utvikling i dei ulike sentera.

3. Betre tenester

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar.

- Framtidsretta infrastruktur med oppdaterte kommunale bygg. I Volda gjeld dette særleg Volda ungdomsskule, Mork skule og sentrumsbarnehagane. I Hornindal gjeld dette Hornindal skule og omsorgssenteret.

- Utvikle desentraliserte tenestetilbod som skular, sjukeheimar, helse, herunder legeteneste, barnehagar, tekniske tenester, brannberedskap og kulturtilbod der dei er no. Legeheimlar og helsetilbod (fysioterapi, frisklivssentral) fortsatt skal vere på Helsehuset i Hornindal.
- Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette i eit styrka fagmiljø
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon
- Vere på høgde med den digitale utviklinga

4. Nye oppgåver

Vi er samde om å sikre at den nye kommunen er i stand til å ta på seg nye oppgåver frå sentral og regional stat og frå fylkeskommunen. Første prioritet har oppgåver som kan leggst inn i eksisterande organisasjon og som er tenlege for innbyggjarane. Det må følgje resursar med.

5. Prinsipp for politisk styring

Vi er samde om at den nye kommunen skal bygge på formannskapsmodellen etter KL. § 8 som styringsform.

Kommunestyret skal ha minimum 33 medlemmer, dette vert nærare fastlagd av Fellesnemnda.

Fellesnemnda skal vurdere ulike demokratiske modellar for å møte behova for deltaking i ei større geografisk eining. Fellesnemnda tek avgjerd om korleis ein elles skal utforme den politiske organiseringa, mellom anna gjere vurderingar knytt til oppretting av kommunedelsutval etter Kommunelova sin § 12. Herunder skal Fellesnemnda også gjere vurderingar knytt til direkte val av medlemmar til kommunedelsutvala (Kommunelova §12.2).

6. Kommunesenter og administrativ fordeling

Vi er samde om at kommunesenteret blir lagt til Volda

Vi er og samde om at kommunesenteret bør innehalde det strategiske leiingsnivået og administrative støttefunksjonar knytt til dette.

Kommunale administrative arbeidsplassar skal så langt det er praktisk mogleg fordelast etter folketal. For å få til dette vert områdeorganisering lagt til grunn som prinsipp.

Dei tidlegare kommunesentra skal stimulerast gjennom å vere lokale knutepunkt ved bruk av servicetorg, og plassering av publikumsretta og andre tenester som det er naturleg ligg desentraliserte. Ein skal ha representasjon knytt til NAV og sosiale tenester i dei tidlegare kommunane. Omsynet til kompetansebygging bør i stor utstrekning byggje på å samle spesialiserte fagmiljø (t.d PPT og barnevern).

Ved framtidig administrativ effektivisering vil vi søkje å balansere effekten.

Fellesnemnda (FN – jfr. inndelingslova § 26) har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden – herunder politisk og administrativ organisering - frå det er gjort vedtak og fram til samanslåinga vert sett i verk. Det operative arbeidet skal utførast av ein prosjektorganisasjon og vere beskrive i ein prosjektplan. Politikarar, administrasjon og tillitsvalde skal ha definerte roller i prosjektorganisasjonen. Intensjonane frå denne avtalen skal ligge til grunn for Fellesnemnda sitt arbeid.

7. Kommunenamn og kommunevåpen

Kommunenamnet og kommunevåpen vert å bestemme av Fellesnemnda.

8. Interkommunale selskap/samarbeid

Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå gjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsfordeling m.m. og/eller avvike/melde oss ut av samarbeidet/ev inngå nye samarbeid.

Målet er at den nye kommunen ivaretek flest mogeleg av oppgåvene sjølv. Vi er difor alt no samde om å avvike, endre eller rydde samarbeid.

9. Økonomi

Denne delen av avtalen gjeld frå 01.07.2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

- a) Orienter kvarandre om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan.
- b) Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei
- c) Ikkje selje verdier som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre.

Fellesnemnda skal gjennomgå kommunane sine posisjonar i fond, stiftingar, aksjeselskap og pensjonsfond. Fornuftig finansforvaltning skal sikre at realverdien av kommunane sine investeringar vert oppretthaldne. Budsjettert avkastning skal vere realistisk og ta omsyn til prisstigning.

Fellesnemnda skal foreta ein gjennomgang av investeringstrongen i den nye kommunen.

Investeringsprosjekt som allereie er innarbeidd i dei tidlegare kommunane sine økonomiplanar, skal prioriterast i den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett/økonomiplan.

10. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.07.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

11. Arbeidsgjevarpolitikk

Dei tilsette er kommunen sin største ressurs og har samla ein unik kompetanse. Kommunesamanslåingsprosessen skal ivareta dei tilsette på ein god måte. Det er viktig å legge tilhøva til rette slik at arbeidstakarane ynskjer å fortsette å jobbe i den nye kommunen. Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som legg vekt på at det er tre ulike organisasjonskulturar som skal utviklast til ein felles organisasjonskultur i den nye kommunen. Dette bidreg til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og skaper eit løysingsorientert miljø med gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både før, under og etter etablering av den nye kommunen.

Den nye kommunen skal ha ein tydeleg og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk, vidareføre det gode trepartssamarbeidet, og legge til rette for mangfald blant dei tilsette.

Ein kommunesamanslutning er ei verksemdsoverdraging, Jf.Arbeidsmiljølova § 16..

Bemanningsreduksjon skal skje gjennom naturleg avgang. Eventuelle overtallege skal tilbydast andre oppgåver i den nye kommunen i tilsvarende storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Effektiviseringstiltak skjer gjennom naturleg avgang. Alle tilsette sine noverande rettar og tilsetjingstilhøve vert vidareført i samsvar med lov- og avtaleverk .

Ingen skal gå ned i løn og dei tilsette sine pensjonsrettigheter skal ikkje verte svekka som fylgje av samanslåingsprosessen. Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning i samsvar med dei til kvar tid gjeldande tariffavtalane (KLP/SPK). Arbeidsgjevarpolitikken skal spela på lag med fagforeningane og fylgja regelverket på ein god måte. Målet er å byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon, og sikre gode fagmiljø som kan stimulere til god rekruttering og godt omdøme.

12. Fellesnemnd

Det skal opprettast ei Fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 26 som har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til samanslåing vert sett i verk.

Fellesnemnda skal ha 3 medlemmar frå Volda og 3 medlemmar frå Hornindal. Dei tilsette vil ha medverknad gjennom eit nytt partssamansatt utval for den nye kommunen, Jf Inndelingslova § 26, 2.ledd. Fellesnemnda kan gjere bruk av arbeidsutval og –grupper etter behov.

Hornindal, 20. juni 2016



Jørgen Amdam
Ordfører Volda



Stig Olav Lødemel
Ordfører Hornindal



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2017/1485

Arkivkode: 026

Utvalsaksnr	Utval
12/17	Fellesnemnd for nye Volda kommune

Møtedato
14.09.2017

STYRKING AV PROSJEKTORGANISASJONEN

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda vedtek å styrke prosjektorganisasjonen med 100 % stilling for å styrke arkiv/sekretærfunksjonen og ei 100 IKT-stilling. Stillingane vert utlyst som faste stillingar med siktemål om å innfase desse innanfor kommunane si årsverkramme i ny kommune.

Vedleggsliste:

Notat om arkivfunksjonen frå servicesjefen i Volda kommune, datert 19.04.17

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Det er nødvendig å styrke kapasiteten innanfor arkivfunksjonen, sekretærarbeid og IKT. Røynslene frå kommunesamanslåingar viser at arkiv og IKT er blant dei mest ressurs- og kostnadskrevjande prosessane. Samtidig er desse funksjonane grunnleggjande for rettssikkerheita til innbyggjarane og for å leggje til rette for effektiv drift og utvikling av både administrative rutiner og utvikling av ein kommune.

Saksopplysningar/fakta:

Kommunesamanslåing er ein stor prosess som skal handterast parallelt med drift av dei to kommunane som skal avviklast ved utgangen av 2019. Staten har løyvd kr 20,5 mill som skal dekkje utgifter til samanslåing av kommunane Hornindal og Volda. Erfaringar frå andre samanslåingar er at eingongstilskotet vil gå med til å få den nye kommunen opp og gå. IKT og arkiv er blant dei tyngre og ressurskrevjande prosessane. Erfaringar frå dei som har gjennomført samanslåing er at det er viktig å kome i gang tidleg med førebuing og planlegging på desse områda, og det vil derfor vere nødvendig å styrke prosjektorganisasjonen.

Arkiv og sekretærfunksjon

Arkiv er kjerneoppgåver for at ein kommune skal ivareta rettssikkerheita til innbyggjarane og samtidig tilretteleggje for effektiv drift og samtidig utvikle tenestene. Denne funksjonen er lett å undervurdere da dette er ei intern teneste som ein ikkje høyrer så mykje om når det fungerer. Både Hornindal og Volda er sårbare på bemanningssida til dagleg drift av arkiv. Hornindal står ved eit generasjonsskifte der ein kan misse verdifull kompetanse dersom ein ikkje får overført denne på nye medarbeidarar. Arkivoppgåvene er formidable ved samanslåing. Det skal gjennomførast ei periodisering av alle arkiv der dagens arkiv skal avsluttast, og den nye kommunen skal ha si eiga samla arkivordning. For å effektivisere og utvikle tenestene er det behov for å overføre frå fysisk til elektronisk arkiv. Arkivmedarbeidarane må også jobbe tett i team med IKT og verksemdleiarar i samband med etablering av ev nye system for å digitalisere kommunale tenester. Det er behov for 1 stilling for å styrke arkiv og sekretærfunksjonen. Oppgåvene må løysast ved å sjå den samla arkiv- og sekretærressursen i Hornindal og Volda under eitt. Auka sekretæroppgåver knytt til nemnder og utval i prosessen vert også å løyse innanfor dette.

Begge kommunane har etterslep på avslutning og ordning av gamle arkiv. For Volda dreier dette seg om 430 hyllemeter til ein kostnad på om lag kr 3,5 mill. For Hornindal er det snakk om 100 hyllemeter til ein kostnad til om lag kr 900 000. I prinsippet er dette noko kvar av kommunane burde ha ordna opp i for eigen kostnad før samanslåinga. Dette er forhold som kvar av kommunane må vurdere opp mot budsjett og økonomiplan for 2020. Dersom det ikkje vert prioritert av kommunane, så får ein kome attende til i 2019 om dette skal prioriterast av fellesnemnda og dekkjast av enkelttilskotet til kommunesamanslåinga.

Det vert vidare synt til vedlagte notat frå servicesjefen i Volda.

IKT

Den nye kommunen vil ikkje verte større enn at ein vil vere heilt avhengig av interkommunalt samarbeid både på drift av IKT infrastruktur og system, samt på å utvikle digitale løysingar for tenestene. I dag er Hornindal knytt opp mot IKT-samarbeidet i Nordfjord medan Volda er med samarbeidet saman med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. IKT vert meir gjennomgripande for heile samfunnsutviklinga, og gode kompetansemiljø på dette området vert heilt avgjerande for at ein kommune skal utvikle gode og effektive tenester og verte attraktiv kommune å busetje seg i. Store kommunar har eit fortrinn ved at dei har tilgang på større kompetansemiljø i eigen organisasjon og kan vere meir handlekraftige enn samarbeidskonstellasjonar som består av mange kommunar.

Prosjektorganisasjonen for Nye Volda treng kapasitet og kompetanse for å ivareta den nye kommunen sine interesser, utgreie og leggje til rette for dei rette tiltaka i samråd med samarbeidskonstellasjonar og for det som den nye kommunen ev skal stake ut som egne satsingar. Det er viktig å nytte reforma til satsingar der ein også uavhengig av andre kan kome i posisjon til å skape noko heilt nytt som vil lyfte organisasjonen og samfunnet. Med avgrensa storleik på ca 10 200 innbyggjarar så skal ein vere realistisk i ambisjonane, men reforma gir

høve til å finne område der ein kan tenkje heilt nytt og gjere ting på heilt nye måtar. Samanslåingsprosessen i seg sjølv, og ikkje minst dersom ein skal drive fram særskilte prosjekt, tilseier at ein må ha ressursar og kompetanse til å gjennomføre dette. Sentrale hovudoppgåver i denne prosessen vil vere:

➤ Fiber mellom rådhusa

Kommunane har fått 4 mill i infrastrukturtilskot som m.a skal nyttast til dette formålet. Volda kommune har også søkt om andre statlege midlar til fibertraseen mellom Grodås og Volda. Denne infrastrukturen må vere på plass til den nye kommunen skal tre i funksjon. Fiber er naturleg å sjå på som infrastruktur på lik line med veg, vatn og kloakk innanfor teknisk sektor sitt ansvarsområde.

➤ Definere behov for system, innkjøpsprosessar og implementering

Det må tidleg i prosessen avklarast kva samarbeidskonstellasjon den nye kommunen skal knyte seg til. Strategiske val knytt til system og tenesteutvikling må koordinerast internt i organisasjonen og opp mot dei andre samarbeidskommunane. Dette er ein svært stor prosess, og det er viktig for den nye kommunen at vi har ein dedikert ressurs som kan ivareta dette som ei primæroppgåve i samanslåingsprosessen.

➤ Definere ev eigne satsingsområde

Det er ei utfordring å ha rask nok framdrift når fleire kommunar skal samarbeide. Prosessen med ny kommune bør derfor gjere ei behovsvurdering om det er tiltak ein ynskjer å forsere for å få til særskilt utvikling innanfor definerte område.

Den administrative funksjonen i teknisk sektor er pressa i begge kommunane, og rådmannen er uroleg for framdrifta samanslåingsprosessen innanfor sektoren. Ein ser for seg at ved å styrke IKT-funksjonen med 1 stilling, så kan noko av denne kapasiteten nyttast til å styrke framdrifta av prosessar innanfor teknisk sektor.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnadene med stillingane pr år vil vere om lag kr 1 370 000 og over 2 år av prosjektperioden om lag kr 2 740 000. Kostnaden vert å dekkje av enkelttilskotet i prosjektperioden. Når ny kommune er i drift må ein sjå på moglegheitene for å innfase stillingane innanfor dei årsverka kommunane samla sett har før samanslåinga. Med ein så stor organisasjon vil dette kunne gjerast innafor normal gjennomtrekk ved pensjon, folk som skiftar jobb mv.

Vurdering og konklusjon:

Dersom vi skal lykkast med ei god samanslåing, og at den nye kommunen skal verte noko meir enn berre å innlemme ein kommune inn i ein annan, er det nødvendig å bruke ressursar til å få gode prosessar og gjere dei rette tiltaka. Arkiv og IKT er særlege viktige funksjonar der ein må vere budd på å bruke ressursar for at den nye kommunen skal få god drift og vere ein utviklingskommune. Det er avgjerande å ha fokus på å halde på og rekruttere god kompetanse til den nye kommunen. På slike kritiske område som arkiv og IKT ser ein det som heilt avgjerande å bygge opp stabil og høg kompetanse. Rådmannen ser ein stor risiko for at ein ikkje får til dette med midlertidig prosjektilsetjing, og vil gå for at det vert gjort fast tilsetting av slik spisskompetanse. Det er viktig at nye Volda sikrar seg god kompetanse tilpassa framtidias utfordringar ved rekruttering. I den nye kommunen må stillingskabalen tilpassast gjennom strategiske planlegging og gjennomtrekk i bemanninga.

Rådmannen rår til at det vert oppretta 1 stilling for å styrke arkiv- og sekretærfunksjonen og 1 IKT-stilling. Desse vert tilsett i prosjektorganisasjonen for Nye Volda. Denne saka har vore handsama i den administrative styringsgruppa for samanslåingsprosjektet. Representantane for arbeidstakarorganisasjonane i styringsgruppa har også slutta seg til løysinga som her vert tilrådd.

Utskrift av endeleg vedtak:

Personalavdelinga i Volda
Økonomiavdelinga i Volda
Servicesjef/arkivleiar i Volda
Personalsjefen i Hornindal



Rune Sjurgard, Volda kommune
Ann Kristin Langeland, Hornindal kommune

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/711	5048/2017	064	SVK/ INGJOH	19.04.2017

ARKIVFAGLEG KONSEKVENSNOTAT - SAMANSLÅING AV HORNINDAL OG VOLDA KOMMUNER

Målsettinga med dette notatet er å synleggjere nokre av dei arkivfaglege utfordringane som ei samanslåing mellom Hornindal og Volda kommunar vil ha, og at det er fleire problemstillingar som ein må rette søkelyset på allereie i denne tidlege fasen av arbeidet med samanslåing.

All erfaring viser at arkiva er veldig sårbare når kommuner blir slått saman. Dersom ein ikkje har kontroll over denne situasjonen kan arkiva få redusert kvalitet eller i verste fall kan arkivmateriale gå tapt. Dokumentasjonen som den nye kommunen treng i si framtidige sakshandsaming og som dokumentasjon på vedtak som er gjort, er arkivert i sak-/arkivsystemet og i fagsystema. Kommunale arkiv inneheld også store mengder viktig rettighetsdokumentasjon og historisk dokumentasjon, som det er viktig å ha god oversikt over.

Dei arkivfaglege vala som blir tatt i samanslåingsprosessen vil få konsekvensar for den nye kommunen sin tenesteproduksjon og oppgåveløysing i lang tid etter at samanslåinga er eit faktum.

Arkivfaglege utfordringar i ei kommunesamanslåing

Ei kommunesamanslåing byr på ei rekke arkivfaglege utfordringar, både i forhold til elektroniske og manuelle arkiv:

- Dagleg drift av arkivtenesta: Den daglege drifta skal gå parallelt med at ein handterer dei arkivfaglege utfordringane som er knytt til kommunesamanslåinga. Dette gjer at kommunen sin arkivteneste vere pressa og svært sårbar. Dei tilleggsoppgåvene som arkivfagleg personell i dag også løyser, må truleg vurderast på nytt og nokre av dei må nedprioriterast dersom det ikkje blir tilført nye ressursar.
- Dokumentfangst vil vere ein svært viktig del av arbeidet som må gjerast før alle gamle arkiv kan avsluttast og stengast. Det er ei kjensgjerning at det i dag blir oppbevart arkivverdig dokumentasjon hos den enkelte sakshandsamar. Denne dokumentasjonen må bli samla inn, systematisert og registrert slik at den ikkje går tapt. Alle sakshandsamarar må få god opplæring i eksisterande rutinar og følge rutinane. Dette gjeld mellom anna journalføring av e-postar som er eit ledd i sakshandsaming.

- Avslutning (rydding, stenging): Alle arkiv, databaser og registre må avsluttast i begge kommunane sidan både Volda og Hornindal blir lagt ned og opphøyrer som arkivskaparar. Dette betyr eit *skarpt* skilje i arkivet mellom dokument og opplysningar som blir produsert i den gamle kommunen og dei dokument og opplysningar som blir produsert i den nye kommunen. Dei arkiva og elektroniske fagsystema som allereie har gått ut av bruk, må ryddast og tilgjengeleggjerast slik at dei er lette å finne fram i - også etter 2020.

Kompetansetap

Hornindal kommune har begrensa ressurser når det gjeld arkiv: Kommunen har ein arkivleiar i 100 % stilling og ein arkivmedarbeidar i 50% stilling med mange års erfaring,. Arkivleiaren skal å gå av med pensjon før 2020, og arkivmedarbeidaren i 50% stilling er usikker på om ho ynskjer å behalde jobben i kommunen. Når ein av desse/begge to sluttar, så vil all kompetanse om arkiv, arkivsystem, fjernarkiv, rutiner etc som Hornindal kommune har hatt, forsvinne. Samtidig forsvinn den ”udokumenterte ” arkivkunnskapen. Dette vil kunne få store konsekvensar.

Det vil vere ein svært krevjande oppgåve for ein ny arkivar å sette seg inn i og forstå organiseringa av Hornindal kommune sitt arkiv. Kunnskapen om dei enkelte arkiva i Hornindal vil med andre ord ikkje følge med inn i den nye kommunen.

Erfaringane viser at det blir auka etterspørsel etter gamle dokument/arkivmateriale (både digitale og papirbaserte) i forbindelse med ei samanslåing, og dette vil krevje mykje av arkivmedarbeidarane. Det er med andre ord eit stort behov for at fellesnemnda tilfører ressurser til Hornindal kommune slik at ein sikrar seg eit minimum av kompetanseoverføring.

Også Volda kommune merker aukande press på arkiv- og sekretariatsfunksjonen: I Volda blir ressursane vurderte som tilstrekkeleg under ”normale” driftsforhold, men arbeidet med å avslutte den gamle arkivorganisasjonen og å opprette ein ny, krev mykje ressursar, i tillegg til at samanslåingsprosessen fører til auka etterspørsel etter ”sekretærtenester” av ulik art.

Denne utfordringa kan ikkje løysast innan dagens ressursramme.

Store ordningsetterslep på papirarkiv og digitale arkiv

Kommunene har ansvaret for svært mange av dei basistjenestene samfunnet gir til innbyggjarane, og dokumentasjon av kvifor og korleis innbyggjarane har motteke slike tenester fins i dei kommunale arkiva. Det at slik dokumentasjon fins, er eit vilkår for det enkelte menneske si rettsikkerheit dersom samfunnet har svikta å yte dei tenestene ein har ei lovbestemt rett til (t.d. barnevernsarkiv, elevarkiv). Tap av dokumentasjon kan dermed føre til redusert rettsikkerheit for den enkelte. På lengre sikt kan også kjeldegrunnlaget for lokal og regional historie bli redusert.

Volda kommune har om lag 430 hyllemeter med arkivmateriale i sitt kommunale depot tilbake til 1964. Det aller meste av dette materialet er ikkje ordna og katalogisert. Det er store mengder bevaringsverdige papirarkiv som ikkje er ordna og avlevert, og det vil koste Volda kommune om lag 3,5 millionar kroner å få ordna dette materialet, iflg overslag vi har fått frå Interkommunalt arkiv.

Volda kommune har depotavtale med Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal, men IKA tar ikkje imot arkivmateriale som er uordna og ukatalogisert. Pr i dag har Volda kommune berre små ressursar til å drive med ordning og katalogisering av eldre arkiv, og det dei tilsette på servicekontoret får gjort av ordning og katalogisering pr år monnar svært lite.

Hornindal kommune er i så måte heldigare stilt, og har om lag 100 hyllemeter med papirarkiv som ikkje er ordna. Kostnaden med å få ordna dette er om lag 900.000 kr.

Ansvar for dei ”gamle” arkiva opphøyrer ikkje: Den nye kommunen arvar dette ansvaret etter dei gamle kommunane. Og arkivansvaret gjeld så lenge arkiva eksisterer. Reglane for avslutning av arkiv kan ikkje bli omgått til fordel for kortsiktige økonomiske innsparingar. Dersom ikkje det blir sett av ressursar til dette arbeidet i forkant av samanslåinga, så må vi sette av ressursar i etterkant til å ordne, listeføre og organisere eldre arkivmateriale.

Digitalisering av arkiv som er mykje etterspurte

Det bør vurderast om ein skal digitalisere dei delane av arkivet som er mest etterspurte i forkant av kommunesamanslåinga, for på den måten lette gjenfinning og bevaring av desse arkiva. Ei slik digitalisering vil ha økonomisk betydning for den nye kommunen, i og med at dokumentasjonen blir lettare gjenfinnbar; ein sparar tid på unødig leiting, og den nye kommunen unngår økonomiske tap på grunn av at ein manglar nødvendig dokumentasjon. Dei mest aktuelle arkiva å digitalisere er:

- Eigedoms-/byggesaks-/landbruksarkivet til Hornindal kommune. Dette er ein del av arkivet som sakshandsamarane brukar mykje, og som det derfor vil vere stor effekt i å digitalisere. Volda kommune har tidlegare fått digitalisert sitt byggesaksarkiv (54 hyllemeter), men i underkant av 10 hyllemeter blei utegløymt i digitaliseringsprosessen. Desse bør digitaliserast no i etterkant.
- Personalarkiv: Det kan vere fornuftig å digitalisere personalarkiva i begge kommunene (i alle fall for dei som framleis er tilsett i Hornindal eller Volda kommuner), for å gjere personaldokumentasjonen lett tilgjengeleg for sakshandsamarane etter samanslåinga.

Prosjektarkivet til Hornindal kommune: Dette arkivet er ufullstendig; noko av dokumentasjonen er oppbevart i sak-/arkivsystemet, og mykje av det er lagra på sakshandsamar sin datamaskin (og noko på papir). Dette arkivet inneheld dokumentasjon på sakshandsaming, avtalar/kontraktar etc, og den ufullstendige/mangelfulle dokumentasjonen på prosjekta vil i svært sannsynleg føre til økonomiske tap for den nye kommunen. Det vil vere heilt uråd for arkivtenesta å leite etter dokument og saker, når dei ikkje ligg skikkeleg arkivert. Det er derfor viktig at det blir sett av ressursar til å sikre dokumentasjonen som er ”arkivert” på andre stader enn i sak-/arkivsystemet til Hornindal kommune.

Fagsystem og bevaring av data på desse

Når det gjeld elektroniske arkivsystem (ulike fagsystem), så er det viktig å sikre dokumentasjonen som ligg i desse for å unngå tap av rettigheitsdokumentasjon og dokumentasjon som kommunen vil trenge i si sakshandsaming. Nokre av desse står i fare for å gå tapt fordi systema er utdaterte og fordi det ikkje er gjort uttrekk av dei.

Konklusjon

Frå ein arkivfagleg ståstad vil kommunesamanslåinga mellom Hornindal kommune og Volda kommune vere ei god moglegheit til å etablere ein funksjonell og kompetent arkivorganisering som vil vere i stand til å møte dei utfordringane som samanslåinga fører til. Med dette meiner vi at ein gjennom prosessen kan søke å skape større forståing for viktigheita av arkiv, ein kan utvikle gode opplæringsmetodar og på den måte skape større lojalitet til dei systema som skal nyttast i den nye kommunen. Vidare vil oppbygginga i den nye kommunen kunne formast med større fokus på arkiv, ein vil søke å oppnå riktig bemanning, samling av kompetanse i gode og sterke fagmiljø og i sum bør dette gje ein robust arkivfunksjon som jobbar innanfor lovverket.

Prosjektleiinga må derfor gjere ei vurdering av kva dei ynskjer at arkivtenesta skal bruke ressursar på i tida fram til 2020: Ordne og sikre gamalt arkivmateriale eller skape ein ny og moderne arkivorganisasjon, der gode rutinar og retningslinjer ligg i botn for arkivtenesta og sakshandsamarane sin jobb.

Det er viktig at prosjektleiinga alt no set av ressursar til å

- Motvirke kompetansetapet
- Digitalisere sentrale delar av arkivet
- Sikre rettingheitsdokumentasjon
- Ta hand om ordningsetterslepet for papirarkiv

I tillegg vil det vere strategisk smart å nytte høvet til å tilpasse seg nye brukarløysningar knytt til arkiv og servicekontor, og å ta i bruk løysningar som gjer at publikum sjølv kan hente ut dokumentasjon og informasjon frå arkiva.

Med helsing arbeidsgruppa for arkiv:

Solfrid Lien, arkivleiar Hornindal kommune

Anne Elin Ekornesvåg, arkivmedarbeidar, Hornindal kommune

Sonja Håvik, konsulent, Volda kommune

Inger-Johanne Johnsen, arkivleiar, Volda kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2017/1487

Arkivkode: U01

Utvalsaksnr **Utval**
13/17 Fellesnemnd for nye Volda kommune

Møtedato
14.09.2017

ORGANISERING AV NÆRINGSAPPARAT I NYE VOLDA

Administrasjonen si tilråding:

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Saksopplysningar/fakta:

I prosessen med ny kommune skal alle avtaler og samarbeidskonstellasjonar gåast gjennom. Hornindal kommune har ikkje samarbeidsavtaler eller eigarskapsdel i private eller offentlege næringsapparat utover medlemskap i Visit Nordfjord. Volda kommune er medeigar i interesseforeininga Volda næringsforum og i Sunnmøre Kulturnæringshage AS. Volda

kommune har inngått samarbeidsavtale med Ørsta kommune når det gjeld landbruk. Ørsta er vertskommune.

Ny kommune vil vere overta både rettar og plikter til Hornindal og Volda kommune. Dette inneber at eigarskap i aksjeselskap og stiftingar mv vert overteke av den nye kommunen. Når det gjeld samarbeidsavtalar mv, så skal desse seiast opp og ein må ta stilling til om dei skal vidareførast eller om Nye Volda skal ha andre ordningar. Dette vil i såfall gjelde:

- Medlemsskap i destinasjonsselskap – Visit Nordfjord eller Destinasjon Ålesund og Sunnmøre – ev skal kommunen stå utanfor?
- Landbrukskontor – vidareføre samarbeidsavtalen med Ørsta eller ei anna organisering?
- Volda næringsforum – vidareføre medlemsorganisasjonen eller ny organisering?
- Sunnmøre kulturnæringshage – vidareføre eigarskapen i selskapet eller selje seg ut?

Hornindal er medlem i destinasjonsselskapet Visit Nordfjord. Volda meldte seg ut av Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. På initiativ frå Volda næringsforum fekk dei overført kr 253 000 i 2016 til å gjere ei kartlegging og utgreiing av eit prosjekt kalla «Destinasjon Volda». Prosjektgruppa i regi av næringsforumet har lagt fram ein prosjektrapport som vert lagt fram for Volda kommune i løpet av hausten.

Volda næringsforum er ein medlemsorganisasjon med medlemmer frå offentlege og private bedrifter i Volda. Formålsparagrafen i vedtektene seier m.a at forumet er eit samarbeidsorgan som skal fremje vekst og utvikling innanfor både det offentlege og private næringar. Volda kommune yter eit fast årleg tilskot på om lag kr 370 000 til Volda næringsforum. I samband med sentrumsprosjektet har næringsforumet fakturert tenester i samband med prosjektleiing og mobilisering. Hovuddelen av næringsforumet sine inntekter har siste åra kome frå Volda kommune.

Sunnmøre Kulturnæringshage AS står er eit innovasjonsselskap i SIVA nettverket. Næringshagen er ein regional ressurs og eit knutepunkt for dei kreative næringane med fokus på film, video, animasjon, fotografi, PR, kommunikasjon, media, IKT og design. Næringshagen er ein del av eit nasjonalt nettverk med nær 100 næringshagar, kunnskaps- og forskingsparkar støtta av det statseigde selskapet SIVA og fylkeskommunen. Næringshagen er tett kobla på Høgskulen i Volda og er støttespelar i høve Innovasjon Noreg, Skattefunn/Forskringsrådet og bistår med kontakt opp mot mentornettverk. Volda kommune har ein eigardel på 21,95 %. Dei andre eigarane er SiVA, Eisundregionen Utvikling AS, Tussa IKT AS og Ulstein Group ASA.

I Hornindal er landbruk og næring organisert under utviklingseininga. Det er ein tilsett på landbruk og næring. Stillingsressursen er fordelt slik: 30 % jord/skogbruk, 40 %, 20 % miljø- og naturforvaltning og 10 % vilt og fisk.

Volda har inngått samarbeidsavtale med Ørsta om felles landbrukskontor, der Ørsta er vertskommune og landbrukskontoret er lokalisert til Ørsta rådhus som ei eining i seksjon Kultur og landbruk. Kontoret har 4,2 årsverk fordelt på 5 tilsette. Volda gjekk inn med 1,5 årsverk da kontoret vart etablert i 2014. Kostnadsfordelinga er 60 % på Ørsta og 40 % på Volda.

Det er sett i gang eit forprosjekt på temaet «Nye næringar på gamle tufter». Det er engasjert konsulent til utarbeiding av prosjektrapport for å gå vidare med hovudprosjekt. I hovudprosjektet har ein som mål å stimulere til nyskaping gjennom å kombinere ulik kunnskap og aktivitet for på den måten skape innovasjonar innan reiseliv, produksjon, samarbeid, marknadsføring, organisering og finansiering.

Prosjektet Nye Volda bør ha ein prosess på å gå gjennom status på korleis næringsapparata fungerer i dag og vurdere kva som vil vere mest tenleg for innbyggjarane og næringslivet i den nye kommunen.

Vurdering og konklusjon:

Nye Volda bør stake ut nokre satsingsområde for å innfri intensjonen om samfunnsutvikling, ei rolle i regionen og utnytte fortrinn og lokale identitetar. Fellesnemnda bør ha ein prosess på dette for å konsentrere ressursar og innsats mot konkrete satsingsområde for ny kommune. Næringsutvikling vil peike seg ut for som satsingsområde for å få positiv utvikling og vekst i eit lokalsamfunn. I nasjonal samanheng vil velferdsutviklinga avhenge av høg sysselsetting. Med auka kostnader knytt til demografi og pensjon, må vi ha sysselsettingsvekst i Norge for å oppretthalde velferdsordningane. Samanlikna med andre land i Nord-Europa har Norge hatt den svakaste utviklinga i andel sysselsette. Utdrag frå SSB sine kommentarar for sysselsettingsstatistikken for 2016:

«Nær en tredjedel sysselsatt i offentlig forvaltning

Nærmere 824 000 sysselsatte hadde sitt hovedarbeidsforhold i [offentlig forvaltning](#) i 2016. Det utgjør en økning på 1,2 prosent fra 4. kvartal året før. I samme periode falt antall sysselsatte i privat sektor (inkludert offentlige foretak) med 0,3 prosent og utgjorde i underkant av 1 800 000 ansatte 4. kvartal 2016.

Mindre andel av befolkningen jobber


Tross en liten økning i sysselsettingen jobbet en mindre andel av befolkningen da befolkningsveksten (0,9 prosent) var sterkere enn sysselsettingsveksten (0,2 prosent). Fra 4. kvartal 2015 til samme kvartal året etter falt andelen sysselsatte med 0,5 prosentpoeng til 65,6 prosent for personer i aldersgruppen fra 15 til 74 år. Finnmark var det eneste fylket i landet der andelen sysselsatte gikk opp: 0,2 prosentpoeng.

Mindre andel av personer i aldersgruppen 67-74 jobber

Endringer i sysselsettingsprosenten fordeler seg ulikt i forskjellige aldersgrupper, men fra 4. kvartal 2015 til 4. kvartal 2016 gikk sysselsettingsprosenten ned for samtlige grupper. Den største endringen finner vi for personer i aldersgruppen 67- 74 år som opplevde en nedgang på 1,2 prosentpoeng. Dette gav en sysselsettingsprosent på 17,7. Dersom vi ser på kvinner og menn hver for seg, er det bare kvinner i 20- og 30-årene som har opprettholdt sysselsettingsandelen.»


Dei sentrale myndigheitene sin politikk for å stimulere auka sysselsetting er viktig. Likevel er det dei samvirkande kreftene i det lokale næringslivet og kommunen som er utslagsgjevande for om arbeidsplassar faktisk vert skapt. Landet som heilskap er avhengig av at veksten i sysselsettinga skjer over alt og ikkje vert konsentrert om dei større byane og regionsentra. Det er dei private aktørane som skaper arbeidsplassar, og lokalsamfunn med tilgang på kapital, idear og grunder/risikokultur vil ha meir dynamikk og vekstkraft enn samfunn som ikkje har desse elementa. Næringsstrukturen i Hornindal og Volda er ulik:

Hva innbyggerne arbeider med



Kilde: Registerbasert sysselsetting, Statistisk sentralbyrå

Hva innbyggerne arbeider med



Kilde: Registerbasert sysselsetting, Statistisk sentralbyrå

Dei private næringane innanfor landbruk, industri, handel og reiseliv er sentrale i Hornindal. I Volda er prega av stor andel arbeidsplassar innanfor det offentlege i tillegg til noko industri og handel. Hornindal og Volda utfyller kvarandre. Ser vi opp mot andre kommunar innanfor same

bu- og arbeidsmarknadsregion, da særleg Ørsta og Ulstein, ev også Stranda, Stryn og dei andre kommunane på Søre Sunnmøre, får vi ein komplementert næringsstruktur.

Det bør vere ei sentral målsetting for Nye Volda å ha sysselsettingsvekst. Denne bør ta utgangspunkt i lokale fortrinn og miljø der det er potensial for utvikling. Spørsmålet er så korleis kan kommunen medverke som god tilretteleggjar, og kva næringsapparat og kompetanse treng Nye Volda for å ta denne rolla. Det bør også vurderast om Nye Volda vil tene på å samarbeide med andre kommunar på tilrettelegging for næringsutvikling for å skape gode nok kompetansemiljø og femne breidt nok i høve virkemidlar.

Aktuelle problemstillingar:

- Kvar er det Nye Volda har sine fortrinn med sikte på sysselsettingsvekst? Korleis kan ein stimulere til slik utvikling?
- Kva rolle skal Nye Volda ha for tilrettelegging for private og offentleg næringsliv?
- Kva samarbeidskonstellasjonar kan vere aktuelt. Det har vore drøfta eit samarbeid mellom Nye Volda og Stranda med sikte på å byggje opp ei utviklingsbase for naturbaserte næringar og landbruk på Grodås. Kan det tenkjast at ein kan utvide dette og knyte seg opp til større fagleg samarbeid med Ørsta med arbeidsfordeling mellom forvaltnings- og utviklingsoppgåver?
- Bør eit mandat for vidare arbeid omhandle næringslivet samla sett, eller bør ein dele dette opp i ulike bransjar der ein skil mellom landbruk, reiseliv og øvrig næringsliv?
- Korleis kan ev sysselsettingsperspektivet koplast til Nye Volda sin regionale posisjon?

Fellesnemnda vert oppmoda til å drøfte korleis ein tenkjer å arbeide vidare med denne saka. Vil ein drøfte problemstillingane nærare internt, vil ein ev invitere Ørsta, Stranda og ev Stryn til ein prosess for å avklare behov og potensiale for samarbeid om det samla næringsapparatet, ev avgrensa til landbruk. Bør ein avgrense ev samarbeid innanfor felles fylke pga av vanskar som kan oppstå ved å krysse fylkesgrensa med ulike fylkeslandbrukskontor, Innovasjon Norge mv.?

I arbeidet med organisering av næringsapparat og tilknytning til destinasjonsselskap vil det vere svært viktig å lytte til næringslivet.

Rådmannen vil rå til at ein legg opp til ein open prosess og så tidleg som råd avklarar interesse hos andre aktørar og til dialog.

Rådmannen meiner det bør setjast ned ei arbeidsgruppe samansett av sentrale politikarar og representantar frå næringslivet/næringsorganisasjonar mv til å utgreie styrke/svakheiter/moglegheiter/utfordringar med dagens organisering og kome med framlegg til framtidig organisering. Ein kan ev vurdere om Høgskulen i Volda kan vere ein samarbeidspart i prosessen.

Det kan vere behov for å engasjere ekstern kompetanse til å bidra i prosessen. Eit slikt miljø vil sjå utfordringane frå ein ekstern fagleg ståstad, og samtidig vere ein ressurs for å koordinere og ta ned dei lokale innspela. Tilføring av slik kapasitet og kompetanse vil vere nødvendig for å ha framdrift i prosessen.

Saka vert lagt fram utan tilråding og til drøfting/ev synspunkt om vidare prosess.

Utskrift av endeleg vedtak:

Rådmennene
Kommunestyret i Hornindal
Kommunestyret i Volda
Høgskulen i Volda
Volda Næringsforum
Sunnmøre kulturnæringshage



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2017/1614
		Arkivkode:	150

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/17	Fellesnemnd for nye Volda kommune	14.09.2017

BUDSJETTENDRING - EINGONGSTILSKOT OG TILSKOT INFRASTRUKTUR

Administrasjonen si tilråding:

Disponering av eingongstilskotet og tilskot knytt til infrastruktur vert å disponere slik i budsjettet for 2017:

Inntekter:

Rammetilskot vert auka med (prosjekt Infrastruktur - kommunesamanslåing)	4,0 mill. kr
Tilskot frå stat vert auka med (prosjekt kommunesamanslåing)	20,5 mill. kr

Utgifter:

Avsetjing til fond (prosjekt Infrastruktur – kommunesamanslåing)	4,0 mill. kr
Lønnsutgifter (prosjekt kommunesamanslåing)	0,6 mill. kr
Driftsutgifter til programvare, møter, annonsering og informasjon	1,0 mill. kr
Kjøp av tenester	0,4 mill. kr
Avsetjing til fond (prosjekt kommunesamanslåing)	18,5 mill. kr

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i august utbetalt eingongstilskotet på 20,5 mill. kroner, som følgje av vedtaket om samanslåing. Tilskotet er staten sin kompensasjon for eingongskostnader knytt til samanslåing. Støtta er utrekna etter ein standardisert modell. Volda og Hornindal har også fått eit tilskot på 4 mill. kr for å få på plass infrastrukturtiltak som, breiband, skuleskyss og oppdatering av informasjonsskilt. Tilskotet vert utbetalt gjennom rammetilskotet i september.

Tilskota må inn i budsjettet og det er Fellesnemnda som gjer vedtak på disponering. Det er tidlegare lagt fram eit budsjett i førebels fellesnemnd der tilskotet frå Fylkesmann i 2016 og 2017 på til saman 2 mill. kr. er disponert, jf. Sak 184/16 den 15.12.

Saksopplysningar/fakta:

I og med at det allereie er gitt løyvingar til 2 mill. kr i 2017 og vi er i ei tidleg fase i samanslåinga er det naturleg at store delar av dei to siste tilskota vert sett av til framtidige år. Likevel vert det no mellom anna lagt fram sak om behov for ekstra ressursar både i arkivfunksjonen og på IKT og utviding av perioden for frikjøp av hovudtillitsvalde. I tillegg ser vi allereie no større aktivitet i kommunane som er knytt til samanslåinga. All aktivitet vert ført med eige prosjektnummer i rekneskapen. Dette gjer det enkelt å hente ut eit rekneskap som viser kor mykje av midlane som er brukt i 2017.

I og med så mange usikre moment legg vi fram eit framlegg der det meste av midlane vert sett av til fond og bruk framtidige år:

Inntekter:

Rammetilskot vert auka med (prosjekt Infrastruktur - kommunesamanslåing)	4,0 mill. kr
Tilskot frå stat vert auka med (prosjekt kommunesamanslåing)	20,5 mill. kr

Utgifter:

Avsetjing til fond (prosjekt Infrastruktur – kommunesamanslåing)	4,0 mill. kr
Lønnsutgifter (prosjekt kommunesamanslåing)	0,6 mill. kr
Driftsutgifter til programvare, møter, annonsering og informasjon	1,0 mill. kr
Kjøp av tenester	0,4 mill. kr
Avsetjing til fond (prosjekt kommunesamanslåing)	18,5 mill. kr

Fellesnemnda har møter både den 12. oktober og 16. november. I desse møta er der rom til å legge fram ny sak om disponering av midlar om det viser seg at det vert avvik i forhold til disponeringa over.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Tilskota gir rom for tiltak inn mot kommunesamanslåinga.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

I og med at det tidlegare også er sett av 2 mill. kr til disponering no i 2017 vert det lagt fram følgjande framlegg til budsjettendring på dei to nye tilskota:

Inntekter:

Rammetilskot vert auka med (prosjekt Infrastruktur - kommunesamanslåing)	4,0 mill. kr
Tilskot frå stat vert auka med (prosjekt kommunesamanslåing)	20,5 mill. kr

Utgifter:

Avsetjing til fond (prosjekt Infrastruktur – kommunesamanslåing)	4,0 mill. kr
Lønnsutgifter (prosjekt kommunesamanslåing)	0,6 mill. kr
Driftsutgifter til programvare, møter, annonsering og informasjon	1,0 mill. kr
Kjøp av tenester	0,4 mill. kr
Avsetjing til fond (prosjekt kommunesamanslåing)	18,5 mill. kr

Fellesnemnda har møter både den 12. oktober og 16. november. I desse møta er der rom til å legge fram ny sak om disponering av midlar om det viser seg at det vert avvik i forhold til disponeringa over.

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Joakim Rødven

Arkivsak nr.: 2017/1612

Arkivkode: N62

Utvalsaksnr	Utval
15/17	Fellesnemnd for nye Volda kommune

Møtedato
14.09.2017

KOMMUNIKASJONSPLAN FOR NYE VOLDA 2017-2020

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda sluttar seg til framlegget til kommunikasjonsplan for prosjektet i perioden 2017-2020 slik det går fram i vedlegg til denne saka.

Planen vert revidert/oppdatert i takt med at samanslåingsprosjektet skrid fram.

Vedleggsliste:

1. Kommunikasjonsplan Nye Volda 2017-2020, 1. versjon.
2. Prosjektplan "Prosjektet - Volda - Hornindal - vi byggjer ein ny kommune"

Saksopplysningar/fakta:

Grunnlaget for denne tilrådinga er punkt 3.4.5 i prosjektplanen "Prosjektet - Volda - Hornindal - vi bygg ein ny kommune".


Utskrift av endeleg vedtak:

Prosjektleder
Kommunikasjonsrådgjevar
Leiargruppa til rådmannen i Volda kommune
Leiargruppa til rådmannen i Hornindal kommune

KOMMUNIKASJONSPLAN 2017-2020



**Kommunikasjonsplan for kommunesamanslåing
av Hornindal og Volda kommunar.**



Vedteken i Fellesnemnda xx.xx.2017 (sist rev. xx.xx.2017)

1. FORORD

Ei kommunesamanslåing er ei omstilling som vedkjem alle i Hornindal og Volda kommunar, og det utløyser også eit stort behov for informasjon både internt til dei tilsette i kommunane og ikkje minst eksternt til lokalbefolkninga.

I punkt 3.4.5 i prosjektplanen for samanslåinga, står det at:

«Fellesnemnda skal gjere vedtak om kommunikasjonsplan for samanslåingsprosessen. Heimesidene og bruk av sosiale media skal utviklast og informasjons- og kommunikasjonskanalar skal prioriterast i prosessen. Dette vil være viktige informasjons-, medverknads- og kommunikasjonskanalar gjennom prosessen.»

Intensjonen med denne planen er å gi personar som skal kommunisere på vegne av «Nye Volda» kommune retningslinjer og oversikt over kva, korleis og når kommunikasjonsarbeid skal bli gjennomført. I fasen før samanslåinga av Hornindal og Volda kommunar, er omdømme- og kulturbygging viktig for å skape positive forventningar til det endelege resultatet. Alle dei tilsette – spesielt leiarar på alle nivå – har derfor eit ansvar for å følgje denne planen i samband med bygginga av den nye kommunen.

Denne planen er først og fremst knytt til sjølve samanslåingsprosessen, og vil bli justert og revidert kontinuerleg i tråd med prosjektets framgang. Når planen skulle bli oppdatert, vil ny versjon bli lasta opp på prosjektets heimeside. Ettersom kommunikasjonsbehovet i den nye kommunen vil vere annleis etter 2020, vil ein ny kommunikasjonsplan måtte bli utarbeidd før den offisielle samanslåinga. Denne planen skal vere klar i god tid før den nye kommunen blir etablert 1. januar 2020.

INNHALDSLISTE

1. FORORD	2
2. SITUASJONEN I DAG	4
3. KOMMUNIKASJONSMÅL OG BODSKAP	5
4. MÅLGRUPPER	6
5. ANSVAR OG ORGANISERING	6
6. PRINSIPP FOR KOMMUNIKASJON	7
7. STRATEGIAR	7
8. TILTAKSPLAN	8

2. SITUASJONEN I DAG

Med ein kommunikasjonsrådgjevar på plass skal kommunikasjon relatert til samanslåinga koordinerast i begge dei to kommunane, slik at relevant informasjon er lett tilgjengeleg og enkel å finne for alle. I det høvet har ei mellombels nettside (www.nyevolda.no) for prosjektet blitt oppretta. Dette vil vere hovudkanalen for all relevant informasjon knytt til kommunereforma, og vil vere operativ fram til etablert kommune i 2020.

Internkommunikasjon: Dei to kommunane har kvar sine intranett der informasjon til tilsette kan publiserast, men som i dag ikkje fungerer optimalt. Ei utfordring er at dei to kommunane sine intranett heller ikkje er kopla saman. SSIKT jobbar per i dag med ei ny intranettløysing, som er felles for kommunane på Søre Sunnmøre. Andre kanalar kan også bli nytta for å nå ut til flest mogleg av dei tilsette. Rådmennene i dei to kommunane sender mellom anna jamleg ut informasjonsskriv til dei tilsette per e-post med oppdateringar på kva som har skjedd i det siste og kva som vil skje framover, med bistand frå kommunikasjonsrådgjevar.

Digitale kanalar: I dag er Volda kommune aktive på sosiale medium, og publiserer stort sett alle nyheitssaker frå heimesida på Facebook. Kommunen disponerer også konto på Twitter og Instagram med sporadisk oppdatering. Hornindal kommune er ikkje på sosiale medium bortsett frå kommunens heimeside. Det er derfor oppretta felleskontoar på fleire sosiale medium slik at all informasjon er samla under éin brukar. Dette gjeld medium som **Facebook, Twitter, Instagram, Snapchat og YouTube**. Brukarnamnet på alle desse plattformene er «nyevolda». Andre medium kan bli aktuelle på eit seinare tidspunkt.

Grafisk profil: I dag eksisterer det ingen konkret grafisk profil for dei to kommunane. Når det no blir oppretta ein ny kommune, høver det seg bra å innarbeide ein ny, grafisk profil som er lett å kjenne att både internt og eksternt – og som skapar ein felles identitet for Volda og Hornindal. Å opprette ei profilhandbok for Nye Volda kommune vil derfor bli jobba med fram mot samanslåinga, slik at ei felles grafisk framstilling er klar i god tid før den nye kommunen er operativ i 2020. Kommunikasjonsrådgjevaren har eit ansvar for å følgje opp dette.

3. KOMMUNIKASJONSMÅL OG BODSKAP

I samband med kommunereforma, er hovudmålet med kommunikasjonsplanen å sikre at alle tilsette og innbyggjarar skal få god og relevant informasjon gjennom gode rutinar for kommunikasjon og informasjonsformidling.

Under dette hovudmålet, har vi følgjande delmål:

- Sikre at folk har tillit til prosessen knytt til samanslåinga.
- Bidra til positive og realistiske forventningar til det endelege resultatet.
- Ha ein god dialog med alle målgruppene, slik at identiteten til folk i begge kommunane blir tatt godt vare på.

For at vi best mogleg skal nå dei måla vi har sett oss, ønskjer vi å:

Engasjere: Kommunikasjon eksternt og internt skal bidra til å auke engasjementet rundt samanslåinga, gjennom til dømes å motivere til medverknad og deltaking.

Vere open: Referat og møtedokument frå politiske og administrative komitear som jobbar med samanslåingsprosessen skal vere lett tilgjengelege. Kommunen skal vere opne ovanfor både innbyggjarar, media og andre som samanslåinga vedkjem.

Styrke internkommunikasjon: Tilsette skal få god og tidleg informasjon direkte frå kommunen. Medarbeidarar som er godt opplyste vil bidra til auka forståing for vedtaka som blir gjort. Tilsette som er godt orienterte vil også enklare kunne dele informasjon med andre, både internt og eksternt.

Vere gode digitalt: Kommunen skal vere dyktige på digitale plattformer, som til dømes på sosiale medium. Informasjon som kjem frå kommunen sine kanalar skal vere korrekt, oppdatert og lett tilgjengeleg.

Ha ein klar profil: I samband med samanslåinga skal informasjon bli presentert med eit godt og tydeleg visuelt inntrykk. Forhåpentlegvis vil dette bidra til lett forståelege, og truverdige, budskap når kommunen kommuniserer med innbyggjarar og tilsette.

4. MÅLGRUPPER

I ein samanslåingsprosess er det mange partar som omstillinga vedkjem. Då er det naturleg at det er mange som både søker og ønsker informasjon frå kommunen. Den nye kommunen vil ha omlag 1.000 tilsette, 10.000 innbyggjarar og årleg 4.000 studentar ved Høgskulen i Volda.

Hovudinnhaldet i budskapet som vi ønsker å formidle skal vere mest mogeleg lik for alle, naturlegvis med tilpassingar etter ulike behov. Informasjonen skal også, så langt som råd, bli gitt samtidig til dei aktuelle målgruppene.

Målgrupper i vår kommunikasjon vil til dømes vere:

- Innbyggjarar i Hornindal og Volda
- Tilsette i begge kommunane
- Tillitsvalde og fagforeiningar i begge kommunane
- Media
- Næringsliv
- Folkevalde i Hornindal og Volda
- Styresmakter (nasjonale og regionale myndigheiter)
- Turistar
- Andre interesserte

5. ANSVAR OG ORGANISERING

Fram til etableringa av den nye kommunen, er kommunikasjonsrådgjevar/prosjektkoordinator ansvarleg for å sikre god informasjonsflyt i prosessen, både internt og eksternt. Ansvaret til denne stillinga er å halde innbyggjarar, politikarar, tilsette og presse opplyste og orienterte om framgangen i prosjektet.

Saman med prosjektleiar for samanslåinga (rådmann i Volda, Rune Sjurgard) vil denne stillinga også vere kontaktperson for saker knytt til samanslåinga av dei to kommunane. Alle har derimot eit ansvar for god kommunikasjon, innanfor sine spesifikke felt.

Prosjektleiar: Har det øvste administrative ansvaret for samanslåingsprosjektet, og er den som innstiller saker som skal opp til handsaming i fellesnemnda.

Ordførar/Fellesnemnd: Leiaren i fellesnemnda har eit overordna politisk ansvar for saker som blir vedteke i fellesnemnda fram til felles kommunestyre er vald hausten 2019.

Folkevalde: Politikarar og folkevalde i dei ulike utvala og nemndene har ansvar for dei sakene dei sjølve engasjerer seg i.

Sektorleiarar/tilsette: Dei tilsette, spesielt sektorleiarane, har eit ansvar for å skaffe seg oppdatert informasjon innanfor sine fagområde ved å lese seg opp på møtereferat eller å spørje om informasjon. Leiarane har generelt eit ansvar for munnleg formidling og dialog med dei tilsette.

Tillitsvalte: Tillitsvalte, og særleg dei hovudtillitsvalte, har ei ansvar for formidling og forankring hos sine medlemmer.

6. PRINSIPP FOR KOMMUNIKASJON

Dei overordna verdigrunnlaga for den nye kommunen er at kommunen skal vere raus, modig, kompetent og lærande. For å oppnå desse verdiane, tek kommunikasjonsplanen utgangspunkt i følgjande kommunikasjonsprinsipp for god kommunikasjon:

- **Openheit:** Vi skal vere opne, tydelege og tilgjengelege i kommunikasjon med innbyggjarane og media.
- **Medverknad:** Vi ønskjer å leggje til rette for innbyggjarmedverknad. Det er også eit ønskje om at tilsette skal ta aktivt del i å betre kommunens tenester og arbeidsmiljø ved å kome med forslag og konstruktive innspel.
- **Nå alle:** Vi skal gjere det vi kan for at relevant informasjon kjem fram til alle som vert råka av eit vedtak eller ei avgjersle.
- **Aktive:** Vi skal vere tidleg ute med å gi aktuell informasjon, gjerne før den vert etterspurt frå andre.
- **Heilskapleg:** Offentleg kommunikasjon skal opplevast som heilskapleg og samordna.
- **Respekt:** Vi skal ha respekt for at folk er ulike, og har ulike behov for informasjon. Bodskap skal derfor, så langt som råd, tilpassast til alle målgrupper.

7. STRATEGIAR

I samband med kommunesamanslåinga har det blitt oppretta ei mellombels nettside som vil bli nytta til å samle all relevant informasjon. Nettstaden har domenet www.nyevolda.no, og vil vere operativ fram til ny kommune er danna 01.01.2020.

Denne plattform vil bli oppdatert av kommunikasjonsrådgjevar i Volda kommune, og vil vere hovudkanalen for kommunereformrelatert informasjon. Dei to kommunane sine heimesider vil i mindre grad bli brukt som informasjonskanal.

For viktige saker vil også pressemeldingar bli sendt til lokal presse. Desse pressemeldingane skal også leggst ut på www.nyevolda.no (og eventuelt kommunane si heimeside om det skulle vere av ein naturleg karakter).

Kommunikasjonsrådgjevar vil ha ei sentral rolle i prosessen, både i form av å rapportere frå dei ulike komiteane/nemndene, men også i form av å produsere engasjementfremjande saker. Bruk av sosiale medium og digitale verkemiddel vil bli viktig.

Som nemnd under punkt 2 og 3 i denne planen er ein av strategiane vi har framover å lage ei grafisk profilhandbok som vil vere gjeldande for den etablerte kommunen i 2020.

8. TILTAKSPLAN

Førebels tiltaksplan. Denne planen vert revidert og oppdatert kontinuerleg med prosjektets framgang. Oppdaterte planar vert lagt ut på www.nyevolda.no.

Målgruppe	Bodskap	Tiltak	Tid	Ansvar
Eigne tilsette	Informasjonsbrev	E-post, intranett	Kvar månad	Rådmann, kom.råd.gj.
Alle interesserte	Kulturbygging, læring og humor.	«Jørgen og Stig Olav» (video)	Månadleg	Kom.råd.gj. + J.A, S.O.L
Skuleelevar i H + V	Felles ungdomsråd for både H + V	Møte med elevar i H.	Sep. 2017	Ung.råd + Fr. Sortehaug
Innbyggjarar, tilsette, media, folkevalde	Orientering av nyevolda.no	Orientering i Fellesnemnd	Sep. 2017	Kom.råd.gj.
Innbyggjarar, tilsette, media	Innstilling nytt kommunevåpen	Overlevering av innstilling.	Okt. 2017	Namne- og heraldikknemnd
Tilsette, media, innbyggjarar	Uttale om budsjett 2018 og økonomiplan for kommunane	Orientering i Fellesnemnd. Nettsak.	Nov. 2017	Fellesnemnd Kom.råd.gj.

Alle interesserte	Fellesnemnda sin julekalender	Nettserie med premiar	Des. 2017	Kom.råd.gj.
Eigne tilsette	Ny administrativ organisering på hovudstrukturnivå	Orientering om prosess og utfall.	Mars 2018	Rådmann, kom.råd.gj



PROSJEKTET - VOLDA - HORNINDAL VI BYGG EIN NY KOMMUNE

Prosjektbeskrivinga er eit samla styringsdokument for gjennomføring av samanslåing av Hornindal og Volda kommunar. Den ligg til grunn for alle aktivitetane frå starten av prosjektet til gjennomføringa er fullført 01.01.2020.

1 Føremål

Føremålet med reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

Arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av openheit, tillit, rausheit og likeverd. Ein vil tenkje felles muligheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidssisjon om levande bygder og eit sterkt felles regionsenter.

Volda og Hornindal kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og ufordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggjast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet.

(Dette punktet må utdjupast av kommunestyra som oppdragsgjevarar)

2 Mål, grunnlag og mandat

2.1 Mål for samanslåinga

Måla er fastsett i intensjonsplanen som vart vedteken av kommunestyra i Hornindal og Volda i juni 2016:

Hovudmål:

- Saman med nabokommunar ta ein posisjon for vekstkraft og utvikling i ein større region
- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Sterkare gjennomslagskraft utad
- Folkehelse skal ha eit overordna og førande fokus og kommunen vil støtte opp under dei fritidsaktivitetane og anlegga som ligg i kommunane i dag.
- Vere ein utviklingsaktør

Delmål:

- Skipe ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø

- Byggje på dagens kommunar sine identitetar og styrkar innan reiseliv, anna næringsverksemd, utdanning, helse, språk og kulturarv, for å gje dette større kraft i regional samanheng
- Løyse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting og samfunnsutvikling i partnerskap med t.d. sjukehus, vidaregåande skular, Høgskulen i Volda, NAV-direktoratet, frivilligsentralen, frivillige organisasjonar og næringslivet.

2.2 Grunnlaget for samanslåinga

Kommunestyrevedtak i Volda 28.06.2016 PS. sak 91/16

Kommunestyrevedtak i Hornindal 30.06.2016 K. sak 48/16

Intensjonsavtalen inneheld målsetjingane som er nemnt i pkt 2.1.

[Intensjonsavtale Hornindal og Volda kommunar.pdf](#)

2.3 Prosjektmandat

Vedtak om mandat til Fellesnemnda er gjort i kommunestyret i Hornindal,2017 og kommunestyret i Volda,.....-2017.

2.4 Fellesnemnda

1. Fellesnemnda sine fullmakter

Fellesnemnda skal i opne møter planlegge og førebu samanslåing fram til konstituering av nytt kommunestyre i den nye kommunen. Det ligg ikkje til fellesnemnda å ha styring av den daglige drifta i dei to kommunane fram til tidspunktet for samanslåing.

Etter at Stortinget våren 2017 har vedteke samanslåing av Hornindal og Volda kommunar vert "førebels fellesnemnd" omgjort og oppretta som Fellesnemnd i medhald av Inndelingslova §26.

Fellesnemnda skal ha som oppgåve å:

- a) Inngå avtalar på vegne av den nye kommunen.
- b) Kome med framlegg om namn på den nye kommunen
- c) Gjere vedtak om kommunevåpen for den nye kommunen.
- d) Gjere vedtak om val av hovudmodell for den politiske organiseringa av den nye kommunen. I det ligg det også reglement for dei nye politiske organa og reglement for arbeidsvilkåra for politikarane i kommunen.
- e) Kome med uttale/innspeil om val av hovudmodell for administrativ organisering av den nye kommunen.
- f) Godkjenne framdriftsplan i samanslåingsprosessen.
- g) Vedta budsjett for samanslåingsprosessen..
- h) Har ansvaret for det førebuande arbeidet med budsjettet for første driftsår etter at samanslåinga er sett i verk (2020).
- i) Gje fråsegn til Fylkesmannen i dei to fylka om budsjett og økonomi- og handlingsplan for dei to kommunane.

- j) Gjere vedtak om spørsmål som gjeld lokalisering av dei ulike administrative og tenesteproduserande einingar i den nye kommunen.
- k) Tilsette rådmann og revisor i den nye kommunen.
- l) Har fullmakt til å overføre personell til den nye kommunen.
- m) Kan vedta mindre justeringar i organiseringa og beskrivinga av prosjektet.
- n) Gjere vedtak om andre spørsmål som er knytt til samanslåingsprosessen og tilhøve som gjeld ny kommune.
- o) Ta ansvar for informasjonsarbeid og involvering av innbyggjarane for det som gjeld bygging av den nye kommunen.

2. Innstillingsrett til kommunestyra

Dersom det kjem opp saker som vedkjem samanslåingsprosessen, og som er av ein slik art at dei må handsamast i eit eller begge kommunestyra, må Fellesnemnda be rådmennene om å leggje fram dei aktuelle sakene for dei to kommunestyra.

3. Partssamansett utval

Det skal opprettast eit partssamansett utval under Fellesnemnda. Utvalet skal samansettast av 4 politikarar inkludert leiar og nestleiar i Fellesnemnda og 2 tillitsvalde frå kvar kommune.

4. Delegering

Fellesnemnda kan gje leiar i Fellesnemnda og/eller prosjektleiar fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

5. Saksførebuing

- a) Administrativ styringsgruppe førebur saker som prosjektleiar legg fram for Fellesnemnda med tilråding.
- c) Rådmennene har møte- og talerett i Fellesnemnda.


6. Funksjonsperiode

Fellesnemnda konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

- a) Fellesnemnda si funksjonsperiode gjeld fram til konstituering av kommunestyret i den nye kommunen.
- b) Leiar i Fellesnemnda kallar saman det nyvalde kommunestyret til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad i 2019.
- c) Leiar av Fellesnemnda leier møtet fram til ny ordførar er vald.

3 Prosjektorganisasjon

3.1 Organisasjonskart



3.2 Delegering frå Fellesnemnda

A. Delegering til Leiaren i Fellesnemnda

A1. Leiaren av Fellesnemnda er rettsleg representant for den nye kommunen og signerer på vegne av kommunen i alle høve der myndet ikkje er tildelt andre.

A2. Leiaren av Fellesnemnda kan gje andre mynde til å delta og representere den nye kommunen.

A3. Leiaren av Fellesnemnda kan innvilge offentlige gåver og merksemd knytt til den nye kommunen for inntil kr 1.000 i kvart høve.

B. Delegering til partssamansett utval

B1. Det partssamansette utvalet er Fellesnemnda sitt utval for handsaming av prinsipielle saker som gjeld tilhøve mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Døme på dette er omstillingsavtale.

B2. Det partssamansette utvalet gjev fråsegn i saker som omhandlar overordna personalpolitiske spørsmål, retningslinjer og planar i samband med kommunesamanslåinga.

C. Delegering til prosjektleiar

C1. Prosjektleder skal gje tilråding i alle saker til Fellesnemnda. Prosjektleder har ansvar for at saker som vert lagt fram, er forsvarleg utgreidd, og har ansvar for at vedtak vert sett i verk.

C2. Prosjektleder har ansvaret for koordinering av politiske og administrative prosessar og syter for at det vert gjort vedtak som sikrar naudsynt framdrift for etablering av den nye kommunen.

C3. Prosjektleder for kommunesamanslåinga vert gitt mynde til å gjere vedtak/ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter og der slikt mynde ikkje er gjeve til andre.

C4. Prosjektleder har mynde til innkjøp- og tilvising innanfor Fellesnemnda sitt budsjett i samsvar med vedtekne prioriteringar. Vidare har han/ho mynde til å godkjenne tilbod/anbod dersom ikkje myndet er lagt til andre nemnder eller organ. Likeeins har han/ho mynde til å inngå kontraktar for arbeid og leveransar.

C5. Prosjektleiar har mynde til å overføre personell til den nye kommunen. Overføringane skal gjennomførast i samarbeid med tillitsvalde og i samsvar med gjeldande lov og regelverk for verksemdsoverdraging.

C6. Prosjektleiar har tilsettingsmynde til nye stillingar i den nye kommunen. Unntaket frå dette er tilsetting av rådmann og revisor.

C7. Prosjektleiar kan delegere eige mynde vidare internt.

D. Retningslinjer for bruk av delegert mynde

All mynde som er delegert skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer som er gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk. Delegert mynde skal elles utøvast innanfor dei plan- og budsjetttrammene som er vedtekne av Fellesnemnda.

E. Iverksetjing og gyldigheit

Dette reglementet er vedteke av Fellesnemnda og trer i kraft frå det tidspunktet reglementet er godkjent i begge kommunestyra.

Endringar av reglementet kan berre gjerast og vedtakast av Fellesnemnda der det ikkje går fram av reglementet at andre kan delegere myndet vidare.

3.3 Prosjektleiing og administrativ styringsgruppe

"Fellesnemnda tilsette" i møte 10. januar 2017 rådmannen i Volda kommune, Rune Sjurgard, som prosjektleiar for kommunesamanslåinga frå vedtak om samanslåing er gjort og fram til ny kommune er etablert.

I same møtet gjorde "Fellesnemnda" vedtak om at prosjektleiar vert rådmann i den nye kommunen og rådmannen i Hornindal kommune går inn i funksjonen som assisterande rådmann i den nye kommunen.

Prosjektleiar skal ha det administrative ansvaret for gjennomføringa av prosjektet.

Administrativ styringsgruppe er øvste administrative organ og har slik samansetning og mandat:

Samansetjing

Prosjektleiar/rådmann Rune Sjurgard, leiar

Rådmann Ann Kristin Langeland, nestleiar

Ass. rådmann i Volda, Asbjørn Moltudal

Hovedtillitsvald Hornindal, Norunn Helene Holmøy-Wang

Hovedtillitsvald Volda Oddbjørg Yksnøy Ragnsæter

Prosjektkoordinator/kommunikasjonsrådgjevar er sekretær

Møter

Administrativ styringsgruppe skal ha møter etter fastsett møteplan.

Oppgaver

- I Forprosjektfasen (Fram til endeleg vedtak frå Stortinget og oppretting av Fellesnemnd etter § 26 i Inndelingslova) skal det gjennomførast eit kartleggingsarbeid, som tek for seg område for område og finne ut korleis ulike tenester og arbeidsoperasjonar er organisert, IKT-programvare/infrastruktur, ressursinnsats og standard på tenester, behov for endringar, eigarskapsinteresser, inngåtte avtalar, interkommunale samarbeid, personalpolitiske retningslinjer m.v.
- Det vert sett ned arbeidsgrupper ut frå ulike tema og problemstillingar. Desse vert samansett av tilsette frå begge kommunane. Styringsgruppa set ned slike grupper etter behov og prioriterar kva tema som det hastar å kome i gang med.

Etter endeleg vedtak frå Stortinget og oppretting av Fellesnemnd etter § 26 i Inndelingslova) skal styringsgruppa;

- Utarbeide bemanningsplan for den nye kommunen
- Utarbeide framlegg til lokalisering av funksjonar/stillingar med utgangspunkt i den vedtekne intensjonsavtalen mellom dei to kommunane.
- Administrativt hovudansvar for arbeidet med omstilling og samanslåing av Volda og Hornindal.
- Hovudansvar for utforming av prosjektplan, utarbeiding av tidsplan for arbeidet og syte for at prosjektet med samanslåing blir gjennomført.
- Utarbeide prosjektbudsjett og søkje eksterne midlar til samanslåingsprosjektet.
- Førebu møter og utgreie saker til Fellesnemnda og partssamansett utval.
- Syte for at aktuelle tema blir utgreidde og "fasa" inn i prosjektet.
- Opprette arbeidsgrupper / ad-hoc utval etter behov innanfor sektorar/einingar/teneste der dette er ynskjeleg. Det skal være medlemer frå begge kommunane i kvar gruppe.
- Overføre personale til den nye kommunen. Overføringane skal gjennomførast i samarbeid med tillitsvalde og i samsvar med gjeldande lov og regelverk for verksemdsoverdraging.

Vedtak og referat

Vedtak som er gjort av prosjektleiar/rådmann i ny kommune skal saksførebuast og arkiverast som administrative vedtak. Dei skal leggjast fram for politisk organ i første møtet som referat-/orienteringssak.

Det skal førast referat frå møta i administrativ styringsgruppe.

3.4 Aktivitetar

3.4.1 Politisk

"Fellesnemnda" set ned følgjande

Politiske nemnder (jfr. vedtak 11.01.2017):

1. Heraldikk/namn

Tema komité på 5 personar, 2 frå kvar kommune. Kommunestyra kjem med framlegg til kandidatar. Ordførarane får fullmakt til å kome med framlegg på leiar av komiteen. Dette skal vere ein «nøytral» fagperson.

2. Organisasjonsutval

Kommunestyra vert bedne om å kome med framlegg på 3 kandidatar frå kvar av kommunane.

(Eiga sak om mandat og framdriftsplan i Fellesnemnda: Vert innarbeidd i beskrivinga etter at vedtak i Fellesnemnda er gjort)

3. Plan for ekstern kulturbygging

(Eiga sak om mandat og framdriftsplan i Fellesnemnda: Vert innarbeidd i beskrivinga etter at vedtak i Fellesnemnda er gjort)

4. Andre aktuelle tema for politisk aktivitet

- Vidaregåande skular
- Samferdsel/kollektivtransport.
- ??

3.4.2. Administrativ

Status – utfordringar – mulegheiter (fase I) (Kartleggingsarbeid)

Administrative arbeidsgrupper (jfr. oppstartsmøte 12. januar 2017):

1. IKT
2. Plan og utvikling
3. Teknisk og drift
4. Sak/arkiv
5. Personal
6. Brann
7. Interkommunale samarbeid/avtaler med private/tilskot
8. Helse og Omsorg
9. Landbruk
10. Næringsgruppe
11. Eigedom
12. Sosiale aktiviteter/kulturbygging
13. Opplæring og oppvekst
14. Økonomi/Skatt
15. Kultur/Kino/Bibliotek
16. NAV

I tillegg må ein avklare tilhøvet til;

- Kyrkjene
- Museum
- Renovasjon
- ??

Gruppene konstituerar og organiserar seg sjølve, oppnemner evt. undergrupper eller tek med dei frå organisasjonen dei meiner bør vere med i gruppa.

Det skal **innan 01.06.17** leverast skriftleg rapport til prosjektleiar på kartlegginga frå dei administrative arbeidsgruppene.

Prosjektleiar skal med jamne mellomrom ha møter med dei tillitsvalde.

Oppdraget i fase I:

1. Bli kjende med kvarandre!
2. Skaffe oversikt over;
 1. **Status**
Organisering /tenester/fagområde,Oversikt over deltaking i samarbeid, Personalressursar
Plansituasjon, It-system, lokale forskrifter, lokale særavtalar og interne reglement
 2. **Avtalar**
Avtalar som skal reviderast før 2020,Gjeldande avtalar som skal reviderast etter 2020
(statlige etater, fylkeskommune, kommuner, IKS, KF, regionråd, vertskommunar)
Avtalar med eksterne leverandørar av varer og tjenester
 3. **Betalingsregulativ**
Oversikt betalingsregulativ
 4. **Innspel på spørsmål som må avklarast i omstillingsprosessen**
Avklare kritiske område i gjennomføringsfasen

3.4.3 Prioritering og planlegging (fase II)

(Her skal det gjevast nye mandat)

3.4.4 Gjennomføring (fase III)

(Her skal det gjevast nye mandat)

3.4.5 Informasjon og kommunikasjon i prosessen

Fellesnemnda skal gjere vedtak om kommunikasjonsplan for samanslåingsprosessen. Heimesidene og bruk av sosiale media skal utviklast og informasjons- og kommunikasjonskanalar skal prioriterast i prosessen. Dette vil være viktige informasjons-, medverknads- og kommunikasjonskanalar gjennom prosessen.

4 Tidsline/Framdriftsplan

Sjå eige vedlegg

5 Budsjett for prosjektet

Budsjett for prosjektet skal utarbeidast og vedtakast av Endeleg Fellesnemnd (jfr.Inndelingslova §26) .
Det skal søkjast om eksterne midlar så snart som råd.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2017/1157

Arkivkode: C09

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

16/17

Fellesnemnd for nye Volda kommune

14.09.2017

EKSTERN KULTURBYGGING NYE VOLDA KOMMUNE.

Administrasjonen si tilråding:

Med bakgrunn i "**plan for ekstern kulturbygging – bygging av samhald og identitet**" vedtek Fellesnemnda å sette ned temagruppe for å utarbeide framlegg til meir detaljert plan og tiltak for gjennomføring. Gruppa vert også beden om å kome med framlegg om evt. administrativ ressurs og budsjett til føremålet/tiltaka.

Prosjektgruppa vert samansett slik:

	Namn	organisasjon
1		Frivillighetsentral V
2		Frivillighetsentral H
3		Eldreråd V
4		Eldreråd H
5		Ungdomsråd V
6		Elevråd H
7		Idrettslag H
8		Idrettslag V
		Evt. andre lag

.....kallar gruppa saman til konstituerande møte. Frist for framlegget vert sett til
.....

Vedleggsliste:

1. Plan/tiltak for ekstern kulturbygging – bygging av samhald og identitet

Samandrag av saka:

Fellesnemnda handsama sak om Plan/tiltak for kulturbygging for nye Volda kommune i møtet i Fellesnemnda 20.06. Fellesnemnda drøfta då ulike utfordringar og tiltak knytt til kulturbygging på tvers av kommunegrensene i Volda og Hornindal. Fellesnemnda tok saka til vitende med tanke på at "det vil kome ei sak på dette etter ferien".

Saksopplysningar/fakta:

Bygging av felles identitet og samhald når to kommunar slår seg saman, er ei utfordrande oppgåve. Det gjeld både eksternt mot innbyggjarane og internt i høve til tilsette. Hornindal og Volda skal no skape ei felles kommune ut frå føresetnadene våre. Avstanden mellom kommunesentra er etter måten kort, men tidlegare avgrensa kommunikasjon og fylkesgrensa har medført at kulturutveksling og samkvem mellom kommunane før Kvivsvegen var etter måten relativt liten. Det har resultert i at m.a. kultur, næring, dialekt og naturopplevingar har utvikla seg ulikt på kvar side av tunellopninga og det i seg sjølv er spanande. Etter at Kvivsvegen opna i 2012 har utvekslinga teke av og kvardagsregionen har fått ein ny dimensjon både for indre nordfjord og søre sunnmøre. No skal vi skape noko nytt saman og det vil då vere viktig at det vi skaper saman tek utgangspunkt i kulturar, tradisjonar, fortrinn og identitetar.

Det går fram av intensjonsavtalen mellom kommunane at ;

Volda og Hornindal kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og utfordringar.

Med utgangspunkt i dette vil ein rå til at Fellesnemnda vel ei prosjektgruppe for kulturbygging. Ein kan tenkje seg gruppa samansett av personar innan kulturområdet/ ressurspersoner frå begge kommunar.

Det vert også lagt opp til at ein skil mellom det interne (kommunen som organisasjon som har det administrative ansvaret) og kommunen som samfunn med det politiske ansvaret. Her ser ein det som viktig at ein spelar på frivillige, næringsliv mv.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil tilrå at det vert oppnemnt ei gruppe med personar frå m.a. frivillighetssentralane, Ungdomsråd/elevråd, eldreråd, idrettslag o.l.

Ein vil vidare tilrå at prosjektnemnda med bakgrunn i "rammeplanen" snarast kjem saman og førebur sak om Plan-/tiltak for gjennomføring og evt. administrativ ressurs og budsjett til føremålet.

Utskrift av endeleg vedtak:

Nemnda

Plan/tiltak for ekstern kulturbygging – bygging av samhald og identitet

Bakgrunn og avgrensing

Bygging av felles identitet og samhald når to kommunar slår seg saman, er ei utfordrande oppgåve. Dette gjeld både eksternt mot innbyggjarane og internt i høve til tilsette. Denne planen/tiltaka skal ivareta **kulturbygging eksternt** og fellesnemnda vel nemnd for ekstern kulturbygging.

Prosjektleiari/ rådmannen i ny kommune har ansvaret for den **interne kulturbygginga**.

Mål

Den nye kommunen skal være ei kulturkommune. Det er ynskjeleg å bidra til varierte kultur og arrangement på fleire måtar aktivisere menneske i alle aldrar og med ulike føresetnader. På den måten ynskjer ein å gje innbyggjarane ei oppleving av fellesskap og samhald. Gjennom ulike aktivitetar på kulturområdet ynskjer ein bidra til ny skaparglede om mellommenneskeleg kontakt slik at innbyggjarane opplever den nye kommunen som ei god kommune å bu og leve i.

Målgruppe

Planen/tiltaka skal så langt råd er omfatte målgruppene:

- Folkevalde
- Kommunale einingar (skuler og barnehagar, kulturskulen, ungdomsråd, eldreråd, rådet for funksjonshemma, m.fl.)
- Frivillige lag og organisasjonar – etablerte kulturinstitusjoner - kyrkja
- Næringslivet
- Innbyggjarane

Tiltak - marknadsføring

Folkevalde:

Bli kjent i begge kommunar både geografisk og gjennom besøk på kommunale einingar og besøk hjå næringslivet.

Oppfordre folkevalde om å framsnakke ny kommune og bidra med positiv informasjon og marknadsføring av ny kommune.

Kommunale einingar:

Oppfordre til å nytte samanslåinga i undervisning i skulen, markeringar/besøk i barnehagar, underholdningsbidrag frå kulturskulen, felles møter og arrangement i ulike råd og utval.

Frivillige lag og organisasjonar/etablerte kulturinstitusjonar/kyrkja:

Oppfordre til felles arrangement (utvikle eksisterande og skape nye). Stimulere med økonomisk støtte til marknadsføring og gjennomføring.

Næringsliv:

Oppfordre til å marknadsføre den nye kommunen - stimulere med økonomisk støtte. Bidra til ny aktivitet og næring (t.d. "Ny næring på gamle tufter").

Innbyggjarane:

Døme:

Bli kjend i ny kommune (guida bussturar med kjentmann/kjent person, quiz med den nye kommunen som tema)?

Marknadsføring : bruk av heimeside, sosiale medium, bruk av media?

Markeringar: folkefest/marknad/fakkeltog/fyrverkeri 31.12.2019 - lyssetting - nyttårskonsert?

Organisering og ansvar

Overordna politisk styring: Fellesnemnda.

Praktisk gjennomføring: Prosjektgruppe kulturbygging

Medlemmer i prosjektgruppa:

Kultursektoren/ressurspersoner frå begge kommunar.

Mandat prosjektgruppe:

Drive marknadsføring og påverke i høve til målgrupper

Gjennomføring av tiltak for sikre at måla i prosjekt vert nådd.

Kome med framlegg til kriterier for fordeling av midlar til lag- og organisasjonar.

Gjere vedtak om fordeling av midlar til tiltak.

Være ansvarlig for gjennomføring av markeringer i samband med samanslåinga.

Rammebudsjett

Økonomisk støtte til lag- og foreiningar og næringsliv med tanke på felles tiltak:

Fordeling av kr. pr. år til lag og organisasjonar etter kriterium utforma av nemnda for ekstern kulturbygging og godkjent av Fellesnemnda.

Fordeling av kr. til tiltak/markeringer fellestiltak etter kriterium utforma av nemnda for ekstern kulturbygging og godkjent av Fellesnemnda

Administrativ ressurs til kulturbygging: (vert utgreidd som eiga sak saman med plan)

PS 17/17 Orienteringssaker

**INTERNT NOTAT X – utan oppfølging****Til:** Deltakarane**Frå:** Gro Anita Bårdseth**Kopi:** Bjørke grendelag**Sak:** Bjørke - grensejustering

Saksnr / arkivkode

2017/1076 / 001

Løpenr.

10101/2017

Stad

Ørsta

Dato

07.07.2017

Referat

Møtedato: 4.juli 2017	Møtetid frå – til: 10.30 - 12.00	Stad: Ørsta rådhus, møterom Ørstafjord
Møteleiar: Wenche Solheim, Ørsta kommune		Referent: Gro Anita Bårdseth
Til stades: Ann Kristin Langeland, Hornindal kommune Asbjørn Moltudal, Volda kommune Wenche Solheim, Ørsta kommune Gro Anita Bårdseth, Ørsta kommune		

	Sak	Kva/Kven
1.	Bakgrunn for møtet Bjørke grendelag har teke initiativ til grensejustering i samband med kommunereforma, og har bedt Ørsta kommune om å samarbeide med Volda om faktaunderlag i samband med slik prosess. Formål med møtet var å avklare korleis samarbeide om slik utgreiing og prosessen elles.	
2.	Søkar og søknadsfrist Wenche Solheim orienterte innleiingsvis om at frå Fylkesmannen har ein fått opplyst at det er innbyggjarane sjølve, t.d. ved grendelaget, som søker om ev grensejustering. Eventuell overføring avhenger av at søknad er ferdig handsama i departementet innan 1.1. 2020, som er då Volda og Hornindal startar opp som ny kommune. Fylkesmannen har bedt om at ev søknad vert sendt seinast innan <u>1. november 2017</u> .	Søknadsfrist grensejustering 1. november 2017
3.	Telefonundersøking vr folkerøysting	



	Grendelaget ønskjer telefonundersøking som grunnlag for avgjerd. I møtet kom det fram synspunkt om at ei folkerøysting kan gje eit meir representativt resultat, samt at den kan gje større legitimitet til vidare prosess. Med det ein veit no vil det vere tilstrekkeleg med tid til å gjennomføre ei folkerøysting i rimeleg tid innan søknadsfristen 1. november. Val av telefonundersøking vr folkerøysting må ein avklare i samråd med grendelaget.	
4.	Folkemøte I høve folkemøtet vil det vere viktig med politiske representantar frå både Volda og Hornindal kommunar, i tillegg til Ørsta.	
5.	Arbeidsgruppe Det vert tilrådd å etablere ei arbeidsgruppe som utarbeider faktaunderlaget og som står for den praktiske planlegginga av folkemøtet. Frå administrasjonen i Ørsta vil ass. rådmann Eldar Øye og planleggar Gro Anita Bårdseth delta. Bjørke grendelag vert oppfordra om å stille med to representantar, nye Volda kommune om å stille med 1-2 representantar Første møte i arbeidsgruppa vert <u>måndag 21. august</u> . Møtet kan vere på Bjørke eller i Ørsta.	

Med helsing

Gro Anita Bårdseth
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

24.08.2017

Bjørke Grendalag
Skjåsstaddalen 251

Til Ordførarar og Rådmenn i Ørsta,Volda,Hornindal Kommunar og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Bjørke Grendalag ynskjer og invitere til ope folkemøte.

På årsmøtet 2015 vart Grendalaget bedt om og tenkje på korleis framtida kan endre seg dersom Ørsta og Volda ikkje vart slått saman og ein situasjon der Volda og Hornindal fann i hop kunne opstå. Vil me då framleis vere ein krins i Ørsta kommune?

Etter kvart hende nettopp det og årsmøtet 2016 var prega av frontar som kjempa for grnsejustering og andre sida for og verte ståande i Ørsta,men det var eit svert stort fleirtal som ynskte at grendalaget skulle skaffe informasjon om fordelar og ulemper. Etter det har me hatt ein veg og gå.No har Ørsta og Nye Volda lovt å hjelpe oss med faktagrunlag til innbyggjarane .Når det er komnt ut ynskjer me at innbyggjarane skal få høve til å stille spørsmål og få svar på eventuelle spørsmål.

Me vil herved invitere Ordførarar,Rådmenn og administrasjon ifrå Hornindal,Volda Ørsta Kommunar og Reprensentant frå Fylkesmannen til opent folkemøte på Haukly Onsdag 27 september kl 19:30.

Me ser føre oss eit panel av Rådmenn og gjerne ein reprensentant ifrå Fylke .Ordførarar og administrasjon i salen.Me ynskjer då at folk skal få spørje om ting dei måtte synest uklart og so langt det gjere seg få svar.

I etterkant av møtet vil innbyggjarane på Bjørke få eit par tre veker på seg til og sende si stemme på om Styret i Grendalaget skal sende ein søknad til Fylkesmannen i Møre og Romsdal om Grensejustering.Fylkesmannen har sett ein frist på det til 01.11.2017.

Vel Møtt

Med beste helsing Bjørke Grendalag

Svein Magne

Bjørke Grendalag

OS 7/17 Bussamband mellom Volda og Grodås

OS 8/17 Møte med fylkesmennene i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane

Fra: Vigdis Rotlid Vestad [mailto:fmmrvive@fylkesmannen.no]

Sendt: 15. juni 2017 15:34

Til: Anne Berit Støyva Emblem; Anne Thorsrud; Rune Sjurgard; Roald, Britt Rakvåg; Tor Helge Stavdal ; Anne Berit Støyva Emblem

Kopi: Brøste, Rigmor; Solholm, Lodve; Hol, Sissel

Emne: Kirkelig fellesråd

Hei

Vi har nettopp fått følgende melding fra KMD:

Midler fra engangsstøtten de nye kommunene får tildelt fra KMD - skal også kunne tildeles Kirkelige fellesråd i forbindelse med evt. utgifter de måtte ha med sammenslåingen. Kirkelig fellesråd må søke kommunen om slike midler. Det er opp til den enkelte kommune å vurdere søknaden fra Kirkelig fellesråd.

Med vennlig hilsen

Vigdis Rotlid Vestad

Seniorrådgivar

Innovasjon og samordning

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset, 6404 Molde

Tlf: 71 25 84 47, mobil 99 15 85 49

E-post: vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/mr

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

17/3096-81

29. august 2017

Utbetaling av tilskudd til engangskostnader ved kommunesammenslåing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til Stortingets behandling 8. juni av Prop. 96 S (2016–2017) *Endringer i kommunestrukturen* og brev fra departementet 30. juni 2017 om videre prosess i kommunereformen.

I tråd med inndelingsloven § 15 utbetales tilskudd til dekning av engangskostnader etter en standardisert modell. Departementet utbetaler med dette 20,5 millioner kroner i tilskudd til Volda og Hornindal kommuner for dekning av engangskostnader i kommunereformen. Midlene utbetales etter avtale til Volda kommune.

Støtten gis for å dekke kommunenes kostnader ved den forestående sammenslåingen, men det er ikke spesifisert ytterligere krav til bruk av midlene. Departementet forutsetter at kommunene benytter midlene der de finner det best, i tråd med Stortingets intensjoner. Støtten er et øremerket tilskudd, og jf. Reglement for økonomistyring i staten punkt 6 skal det rapporteres til departementet om hvordan midlene benyttes. Departementet ber derfor om en kortfattet rapport, med oppstilling om hvordan midlene er disponert, innen 31. desember 2020.

I henhold til bevilgningsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12 3. ledd, tas det forbehold om adgang for departementet (eller den departementet gir myndighet til) og Riksrevisjonen til å kontrollere hvordan midlene er benyttet.

Med hilsen

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Jørgen Teslo
seniorrådgiver

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Avdeling

Saksbehandler
Jørgen Teslo
22 24 72 60

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Adresseliste

Hornindal kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA

OS 11/17 Evalueringsrapport Nye Sandefjord kommune